



7. nr. 936/81

## DET KONGELIGE MILJØVERNDEPARTEMENT

KONTOR: MYNTGT. 2 - TLF. 11 90 90 - RIKSTELEFONER OG FJERNVALG TLF. (02) 41 90 10

TELEKS 18990 env n

POSTADRESSE: POSTBOKS 8013, DEP., OSLO 1

Til adressaten

Deres ref.

Vår ref. (bes oppgitt ved svar)  
316/80 N TKi/ao

Dato 29.4.1981

OPPRETTELSEN AV HARDANGERVIDDA NASJONALPARK OG LANDSKAPSVERNOMRÅDENE SKAUPSJØEN/HARDANGERJØKULEN OG MØSVATN AUSTFJELL

- ./.
  - ./.
  - ./.
  - ./.
- Vedlagt oversendes til orientering kopi av kgl.res. av 10. april d.å. om opprettelsen av Hardangervidda nasjonalpark og landskapsvernområdene Skaupsjøen/Hardangerjøkulen og Møsvatn Austfjell. Vedlagt finner en også vernereglene med kartbilag for disse områdene.

Med hilsen

*Kjell Hauge*  
Kjell Hauge (e.f.)

*Tore Killingland*  
Tore Killingland

Vedlegg



DET KONGELIGE MILJØVERNDEPARTEMENT

KONGELIG RESOLUSJON AV 10. APRIL 1981 OM SKIPING AV:

HARDANGERVIDDA NASJONALPARK,  
SKAUPSJØEN/HARDANGERJØKULEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE  
MØSVATN AUSTFJELL LANDSKAPSVERNOMRÅDE

OPPRETTING AV HARDANGERVIDDAS NASJONALPARK, SKAUPSJØEN/  
HARDANGERJØKULEN LANDSKAPSVERNOMRÅDE OG MØSVATN AUSTFJELL  
LANDSKAPSVERNOMRÅDE I FYLKA BUSKERUD, HORDALAND OG TELEMARKE.

I

I medhald av lov om naturvern av 19.juni 1970 nr.63, § 3, jfr. § 4 og §§ 21, 22 og 23, vert eit område i kommunane Nore og Uvdal og Hol i Buskerud fylke, kommunane Ulvik, Eidfjord, Ullensvang og Odda i Hordaland fylke, og kommunane Vinje og Tinn i Telemark fylke, lagt ut som nasjonalpark med namnet Hardangervidda nasjonalpark i samsvar med vedlagde reglar.

II

I medhald av lov om naturvern av 19.juni 1970 nr.63, § 5, jfr. § 6 og §§ 21, 22 og 23, vert eit område i kommunane Nore og Uvdal og Hol i Buskerud fylke, og kommunane Ulvik og Eidfjord i Hordaland fylke, lagt ut som landskapsvern-område i tilknytning til Hardangervidda nasjonalpark, og med namnet Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvern-område, i samsvar med vedlagde reglar.

III

I medhald av lov om naturvern av 19.juni 1970 nr. 63, §§ 5 og 14, jfr. § 6 og §§ 21, 22 og 23, vert eit område aust for Møsvatn i kommunane Vinje og Tinn i Telemark fylke, lagt ut som landskapsvern-område i tilknytning til Hardangervidda nasjonalpark, med fuglelivsfredning i nedre del av nedslagsfeltet til Hondlevassdraget med namnet Møsvatn Austfjell landskapsvern-område, i samsvar med vedlagte reglar.

IV

Den mynde Kongen har etter § 4 og § 6 om skjøtsel, etter § 21 om merking av fredningar m.v., etter § 22 om regulering av ferdsel og etter § 23 om å gjere unnatak frå vernereglane, vert overført til Miljøverndepartementet.

V

Desse reglane tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.

## VERNEREGLAR FOR HARDANGERVIDDA NASJONALPARK

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, § 3, jfr. § 4, og §§ 21, 22 og 23, er det ved kgl.res. av 10. april 1981 fastsett at eit område i kommunane Odda, Ullensvang og Eidfjord i Hordaland fylke, kommunane Vinje og Tinn i Telemark fylke og kommunane Hol og Nore og Uvdal i Buskerud fylke, skal leggjast ut som nasjonalpark med namnet Hardangervidda nasjonalpark.

### I. STORLEIK OG GRENSER

Nasjonalparken omfattar delar av statsalmenningane Eidfjord, Ullensvang, Odda, Røldal, Øvre Numedal og heile Rauland statsalmenning og heile eller delar av følgjande gnr/bnr:

#### Eidfjord kommune:

Sandvadet stølssameige bestående av gnr/bnr 16/(1),2,(3).

Frisæter - Kristofferbu - Olavsdaalen stølssameige bestående av gnr/bnr 5/4, (8,12,14), 19,(40).

Vedalen og Fivlingen grunneigarlag bestående av gnr/bnr 4/1,5 - 5/1,2,3,5,6,7,9,11,13,15,16,17,27,33 - 6/1,2,3,4 - 7/1,2 - 15/1,2,3 - 25/1,2,3,4,7,8,9,10,11,13,14,16,17,18,21, 25,39,40,43,47,48,53,85,91.

Hadle - Drolstøl - Skiseter sameige bestående av gnr/bnr 8/1,2,3,4,5,6,7,8,10,12,14,26 - 14/1,2,3,4,5,7,8,12.

Bjoreidalen søndre sameige bestående av gnr/bnr 8/1,4,10 - 5/9 - 20/1 - 24/2.

Veigdalen sameige bestående av gnr/bnr 9/1,3,4,5,6,7,10,11, 17,34 - 10/1,2,3,4,8 - 11/1,2 - 12/1,2,6 - 13/1,2,4,7,8,10,23 - (13/5)

(Nr. i parentes ovafor ligg i Ullensvang kommune)

#### Ullensvang kommune:

Kvanndal - Rjuen sameige bestående av gnr/bnr 142/1,2,4,5,6,8, 9,10,11 - 143/1,2,3 - 144/1,2 - 145/1,2 - 146/1,2,3,4 - 147/1,3,4,5.

Grøndalen stølssameige bestående av gnr/bnr 139/1,2,3,4,5,6. Gravdal stølssameige bestående av gnr/bnr 149/1 - 70/1,2 - 72/3.

Nasene stølssameige bestående av gnr/bnr 143/1,2,3 - 106/2.

Fodnastøl bestående av gnr/bnr 144/1,2 - 145/1,2 - 146/1,2,3,4 - 147/1,3,4,5.

Stavali gnr/bnr 76/1.

Helnaberg stølssameige bestående av gnr/bnr 148/1,2,3,4 - 149/2 - 128/7.

Skuggabjørg stølssameige bestående av gnr/bnr 64/4 - 150/1,2 - 151/1,2,3,4,5,6,8.

Vivheller stølssameige bestående av gnr/bnr 71/1,2,3,4,5,6,7,8,9.

Reppane stølssameige bestående av gnr/bnr 85/1,3,6,8,18.

Monkabu stølssameige bestående av gnr/bnr 82/1,2,3,4 - 84/4,8,10,15,17.

Kinsekvelv stølssameige bestående av gnr/bnr 78/1,3,4,5.

Solheimedalen stølssameige bestående av gnr/bnr 81/1,2,4 - 83/1,2 - 84/1,2,3.

Fagerli stølssameige bestående av gnr/bnr 79/1,2,3,4,6,7,8,9,10,11,18,19,21 - 80/1,2,3.

Heimste Hadlaskard stølssameige bestående av gnr/bnr 50/2,4 - 51/1,7 - 52/1,2,3 - 53/1,2,3,4,5 - 54/1,2,3,4,5,6,7,8,9,10 - 55/1,2,3,4 - 56/1 - 57/1,2 - 58/1,2 - 59/3,4 - 60/1,2 - 61/1,2,3,4 - 62/1,3,4,5,6,7,8,9 - 63/1,2 - 64/2,3,4,5,6,7,8,11 - 65/1 - 66/1,3,5,7,8 - 67/1,2,3 - 68/1,2,3,4 - 69/1,2,3,4 - 70/1 - 71/1,2,4,5,8,9 - 72/1,2,3 - 73/1,4,5 - 74/1,5,9,10,12,14,17,21,22,23,24,25,26 - 75/1 - 76/1 - 77/1,3,4 - 78/1,3,4,5 - 79/1,2,3,4,6,7,8,9,10,11 - 80/1,2,3 - 81/1,3 - 82/1,2,3,4 - 83/1,2 - 84/1,2,3,8,9,10,11,17 - 85/3,6,8 - 98/1,2,4,5,7,8 - 99/1,3 - 101/6 - 102/1,2 - 103/1 - 104/3 - 105/1,2 - 106/1,2 - 139/1,2,3,4,5,6 - 142/1,5,8 - 143/2 - 144/2 - 145/1,2 - 146/1,3,4 - 147/1,3 - 148/1,2,4 - 149/1,2 - 150/1,2 - 151/1,2,3,4,6,7,8.

Skriksete stølssameige bestående av gnr/bnr 72/3 - 76/1 - 77/1,3,4.

Opesjo stølssameige bestående av gnr/bnr 74/1,5,9,10,11,12,14,17,21,22,23,24,25,26,29 - 75/1.

Solbjørg bestående av gnr/bnr 72/1,2,3,5 - 73/1,4,5.

Peisabotn - Fagradal stølssameige bestående av gnr/bnr 72/1,2,3,5 - 73/1,4,5 - 77/1,2,4.

Fellesområde Opedal - Frøyenes/Loft./Eidnes bestående av gnr/bnr 72/1,2,5 - 73/1,4,5 - 74/1,5,9,10,11,12,14,17,21,22,23,24,25,26,29 - 75/1 - 77/1,4.

Finnabu - Vatnali - Langedalen stølssameige bestående av  
gnr/bnr 74/1,5,9,10,11,12,14,17,21,22,23,24,25,26,29 - 75/1.

Odda kommune:

Gnr/bnr 20/2,3 - 39/5,6,7,8,9,10.

Vinje kommune:

Gnr/bnr 88/6,11 - 99/2,5 - 101/1,2 - 133/1,2,3 - 162/3 -  
164/3 - 165/1,2,6 - 166/1,2.

Tinn kommune:

Gnr/bnr 23/2 - 49/7 - 56/1 - 57/12,13 - 69/11 - 72/1,7.

Hol kommune:

Gnr/bnr 86/1,4 - 87/2,3,12,22 - 94/2 - 95/1 - 97/2,4 - 98/1,3  
- 99/2 - 102/3 - 104/1.

Nore og Uvdal kommune:

Gnr/bnr 2/3,4,5,6 - 3/3,7 - 5/1,3,4 - 11/1 - 18/1 - 22/1 -  
35/1,8 - 40/1 - 51/1 - 56/13,26 - 60/2 - 61/8 - 62/1,3 -  
63/3 - 64/3 - 68/4 - 73/1 - 74/6 - 75/2 - 91/2 - 92/4 - 100/1  
- 101/1 - 102/1 - 103/2,4 - 105/1 - 106/1 - 107/1,2.

Rollag kommune:

Gnr/bnr 19/2,6.

Det samla areal i nasjonalparken er omlag 3.430 km<sup>2</sup>.  
Av dette ligg ca 1.817 km<sup>2</sup> i Hordaland fylke, 770 km<sup>2</sup> i  
Telemark fylke og 843 km<sup>2</sup> i Buskerud fylke.

Nasjonalparken har følgjande grenser:

Grensa tek utgangspunkt på Bjordalshøgden, h. 1251 (1) i  
Hol kommune, går søraustover til Falkenuten, h. 1252 (2)  
og sørsøraustover til utlaupet av Heinelvi i Numedalslågen  
(3), derifrå søraustover fram til h. 1255 (4) sør for Orme-  
tjørnane, h. 1202. Derifrå i sørsørvestleg retning til  
Beltenuten, h. 1280 (5) og vidare til punkt (6) på vest-  
enden av Fiskeløktjørn, derifrå til Skjortevarde, h. 1353  
(7) og austre Hettehove, h. 1412 (8). Derifrå søraustover  
til Grytekilnuten, h. 1364 (9) og Vikfjellet, h. 1474 (10).  
Grensa går så sørvestover til Stordalsnutan, h. 1444 (11)  
fram til Hyttenutan, h. 1450 (12). Derifrå vestover til  
h. 1311 (13) søraust om Bjørnegrønutan. Derifrå sørsøraust-  
over over Sätenutan h. 1462 (14) fram til møte med grense-

punkt for Rauland statsallmenning, h. 1496 (15). Grensa følgjer så statsallmenningsgrensa fram til Stokkholmen, h. 1600 (16). Derifrå nordvestover til Grothalsen, h. 1402 (17) og fram til kolle h. 1201 (18) i sørenden av Fjarefittjønni. Derifrå vestover til Vassdalseggi h. 1361 (19) og fram til h. 1312 (20) søraust av Midnutvatnet. Derifrå sør-sørvestover til sørenden av nedre Poddevatnet (21) og derifrå sørvestover til Mannevasseggi, h. 1416 (22). Derifrå mot vest over høgdene 1572 (23) og 1693 (24) til knekkpunkt for statsallmenningsgrensa søraust for Storekvelven (25). Grensa følgjer statsallmenningsgrensa nordnordvest til neste knekkpunkt (26) og derifrå til austsida av Trossortjønni (27) og fram til punkt (28) i Middalen ca 1000 m nordaust for Middalsbu turisthytte. Derifrå vestnordvestover til sørenden av Vivassvatnet (29) og fram til Sandskarnuten h. 1382 (30) på statsallmenningsgrensa. Grensa følgjer statsallmenningsgrensa sørvestover til knekkpunkt h. 1346 (31). Derifrå går grensa vestnordvestover til Reinsnosi h. 1639 (32), derifrå nordnordvest til vestsida og utlaupet av Svartavatnet (33) fram til Ruvjenuten h. 1120 (34). Derifrå går grensa mot nord til knekkpunkt (35) for statsallmenningsgrensa nordvest for Berrvassdalen og følgjer statsallmenningsgrensa nordover til nytt knekkpunkt h. 1448 (36). Grensa går så nordaustover til Ruklenuuten h. 1608 (37) og austnord-austover fram til nordenden av Hattasteinsvatnet (38). Derifrå går grensa nordaustover til austenden av Breidavatn (39) og nordover til Sato h. 1460 (40). Derifrå går grensa nordaustover til nordenden av Kvannanuttjønni (41) og austenden av øvre Håvardsvatnet (42). Grensa går vidare mot nord til austenden av nedre Nonskardvatnet (43). Derifrå nordvestover til sørenden av Nonskardvatnet (44) og nordvestover til Selhæ h. 1526 (45) og nordnordvestover til austenden av vesle Tyssevatn (46). Grensa går så nordvestover til Treshøgdi h. 1681 og vidare til Rossavarden h. 1400, derifrå vestnordvestover langs statsallmenningsgrensa til knekkpunkt ved nordaustenden av Yskjevatn (48), og nordnordvestover langs Røvelseggi til punkt h. 1410 (49). Grensa går vidare nordnord-austleg til punkt h. 1072 (50) aust for Middagsnuten og vidare nordover til punkt h. 1197\* (51) vest for Kjøllevatni og derifrå nord-austleg til terskel og inntak for Råi Kraftstasjon (52) i Husedalen og vidare i same retning til Errunuten h. 1304 (53). Derifrå går grensa austover til Brottefonnshove h. 1433 (54) og Sovarenuten h. 1648 (55), vidare søraustleg til Fagranuten h. 1459 (56), Blyberg h. 1197 (57) og ned til punkt der Vivo går ut i Veigvassdraget (58). Derifrå går grensa austnord-austover opp til Fljotdalsfjell h. 1301 (59) og nord-austover til Fruo h. 1196 (60) og derifrå austnord-aust til Kistenuten h. 1135 (61). Grensa går vidare i søraustleg retning til store Bjoreinuten h. 1280 (62) og ned til Høgahæ h. 1408 (63). Vidare går grensa austover til Trondbunuten h. 1344 (64) og Hyttehaugen h. 1321 (65). Derifrå nord-austover til Nibbennuten h. 1352 (66) og austover til Skyttarbuhovda h. 1267 (67). Grensa går derifrå nordover til ho i eit punkt møter grensa mellom kommunane Hol og Nore og Uvdal på aust-

\* Rett høgd for pkt 51 er 1179 og ikkje 1197 som det står på kartet.

sida av øvre Hein (68). Derifrå går grensa austnord-aust-  
over til store Grønenuten h. 1384 (69) og vidare til ut-  
gangspunktet Bjordalshøgden h. 1251 (1).

Dei nøyaktige grensene skal oppmerkjast i marka og då hovud-  
sakleg ved markering av grensepunkta. Grensene er innteikna  
på eit kart i målestokk 1:100 000 datert Miljøverndeparte-  
mentet mars 1981. Kartet vert oppbevart i kommunane, hjå  
fylkesmennene, skogforvaltninga og Miljøverndepartementet.  
Kartet svarar til følgjande kart i M 711-serien (1:50 000):  
1314 I Røldal, 1315 I Ullensvang, 1315 II Ringedalsvatn,  
1414 I Songevatn, 1414 IV Haukelisæter, 1415 I Bjoreio,  
1415 II Nordmannslågen, 1415 III Hårteigen, 1415 IV Eidfjord,  
1416 II Hardangerjøkulen, 1416 III Myrdal, 1514 I Frøystul,  
1514 IV Møsstrand, 1515 I Skurdalen, 1515 II Kalhovd, 1515  
III Lågaros, 1515 IV Hein, 1516 III Hallingskarvet.

## II. REGLAR

### 1. Føremål.

Føremålet med Hardangervidda nasjonalpark er å verne ein del  
av eit særleg verdfullt høgfjellsområde på ein slik måte  
at landskapet med planter, dyreliv, natur- og kulturminne og kulturmiljøet  
elles vert bevart, samstundes som området skal kunne nyttast  
for landbruk, friluftsliv og naturoppleving, jakt og fiske  
og undervisning og forskning.

### 2. Rettsstilhøve.

Grunneigarar og andre rettshavarar skal framleis ha eige-  
domsrett og bruksrett i nasjonalparken, og kan nytte rettane  
i den grad det ikkje kjem i strid med desse reglane. Det  
same gjeld bruk av a. meningsrettar etter fjellova. Der  
vernereglane gjev løyve til bruk, gjeld dette berre i høve  
til vernet og gjev ikkje løyve til bruk eller utnytting i  
strid med rettar eller lovreglar.

### 3. Forvaltning.

Desse reglane vert forvalta av Miljøverndepartementet,  
Direktoratet for statens skoger og tilsynsutval oppnemnde  
av kommunane. Dessutan skal det velgjast eit råd for Har-  
dangervidda.

Søknader om dispensasjon frå dei vernereglane som skal hand-  
samast av tilsynsutvalet og som er nemnd i punkt 3.2. a til d,  
skal sendast direkte til tilsynsutvalet i kommunen. Søknader  
om dispensasjon frå andre vernereglar skal sendast til skog-  
forvaltaren.

Andre lovar og reglar enn nasjonalparkreglane vert for-  
valta av vedkommande styresmakt, så som kommunestyre,  
fjellstyre, viltnemnd, innlandsfiskenemnd, landbruksnemnd og  
byggningsråd.



### 3.1. Direktoratet for statens skoger (DSS)

Miljøverndepartementet fastset dei oppgåvene som skal utførast av DSS og dei vernereglane som DSS skal vere forvaltningsstyresmakt for.

### 3.2. Tilsynsutval.

For kvar kommune som har areal i nasjonalparken, skal det velgjast eit tilsynsutval for den del av nasjonalparken som ligg i vedkommande kommune. Ved val av tilsynsutval skal kommunen syte for at naturverninteressene, friluftinteressene, landbruksinteressene og jakt- og fiskeinteressene vert representerte i utvalet. Tilsynsutvalet skal ha leiar, nestleiar og 3 - 5 medlemmer, alle med varamedlemmer. Organisasjonar med interesser i nasjonalparken skal gjevast høve til å gjere framlegg om medlemmer i utvalet.

Ligg det private eigedomar i nasjonalparken skal kommunestyret syte for at ein av medlemmene vert valt blant dei som er jordbrukarar med privat eigedom i verneområdet. Er det statsalmening i verneområdet skal ein medlem verte valt blant dei som har rett til almeningsbruk i almenningen som jordbrukar.

Kommunestyret kan velja dei som sit i fjellstyret som medlemmer i tilsynsutvalet om dei fyller krava nemnd ovafor.

Tilsynsutvalet skal følgje med i utviklinga i sin del av nasjonalparken og gje råd og uttale i saker som vedkjem forvaltninga av denne.

Vernereglane er gjevne i punkt 4. Tilsynsutvalet er forvaltningsstyresmakt for følgjande delar av vernereglane:

- a) Utforming av ombygging etter punkt 4.1.2.d og lokalisering og utforming av husvære etter punkt 4.1.2.e
- b) Nydyrking, sperregjerde for beitedrifter, oppføring av naudsynte husvære med uthus i landbruket etter punkt 4.1.3.a og naudsynte tiltak for jakt- og fiske næring etter punkt 4.1.3.b. Unnateke er oppføring av jakt- og fiskebuer.
- c) Motorferdsle og motorisert transport etter punkt 4.5.3. Kommunestyret kan likevel leggje avgjerd om motorferdsle i nasjonalparken til formannskapet eller det utvalde handsamar reglane om motorferdsle i kommunen. Dette utvalet skal sende kopi av alle vedtak til tilsynsutvalet og skogforvaltaren.

- d) Idrettsarrangement og organisert leirverksemd etter pkt. 4.7.b.

Tilsynsutvalet kan verte forvaltningsstyresmakt for andre tiltak og anna verksemd etter nærare avgjerd frå departementet.

Tilsynsutvala skal straks melde frå til Direktoratet for Statens skoger v/skogforvaltaren om dei vedtak utvalet fattar. Skogforvaltaren kan påklage vedtaka til tilsynsutvala.

### 3.3. Rådet for Hardangervidda

Kongen skal nemne opp eit Råd for Hardangervidda samansett av leiar, nestleiar og ein representant fra kvar av kommunane \*, Landbruksdepartementet, Miljøverndepartementet, fylkesmennene i fylka Buskerud, Hordaland og Telemark, og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, Norges Naturvernforbund, Norges Jeger-og Fiskerforbund og Norske Turistforeningers Forbund. Alle peiker sjølv ut sine representantar.

Rådet skal ha følgjande oppgåver i nasjonalparkområdet:

- a) Følgje med utviklinga m.a. på grunnlag av årsrapportar fra skogforvaltninga,
  - b) gje slik fråsegn til departementet, skogforvaltninga og tilsynsutvala som rådet finn grunn til, og
  - c) uttale seg om saker som vert lagt fram for det av departementet eller skogforvaltninga.
- Direktoratet for Statens skoger v/skogforvaltninga skal vere sekretær for Rådet.

### 3.4. Nærare reglar for forvaltningsorgana

Departementet kan fastsetje nærare reglar for forvaltningsorganas utøving av myndighet og arbeid elles.

## 4. VERNEREGLAR

### 4.1. Landskapet

- 4.1.1. Landskapet skal vere verna mot utbyggingar, anlegg og andre inngrep av alle slag, medrekna vegbygging, nydyrking, bergverksdrift, massetak, vassdragsreguleringar, framføring av kraft- og telefonliner, taubaner, heisar, flyplassar og oppføring av bygningar. Kulturminne må ikkje påførast skade. Det er heller ikkje tillate å utføre forundersøkingar for tekniske inngrep.

\* Jfr. kgl.res. av 10. april 1981.

4.1.2. Reglane under pkt.4.1.1. skal ikkje vere til hinder for:

- a) Vedlikehald av eksisterande turistruter, driftevegar og andre vegar, så som bygging av naudsynte klopper og bruier, når dette ikkje krev sprenging eller gravearbeid som det skal nyttast maskinelt utstyr til,
- b) naudsynt inngjerding av dyrkingsområde og samle-  
kveer,
- c) naudsynt merking og kvisting av ski og turistløyper, der dette er gjort tidlegare,
- d) naudsynt vedlikehald og mindre ombygging av husvære og uthus, (utføringa ved ombygging må godkjennast av tilsynsutvalet, sjå pkt. 3.2. a)
- e) at grunneigarar med stølsrett skal ha rett til, for eigen bruk, å føre opp eit husvære med uthus for jakt og fiske, på eigen grunn eller i sameige, dersom det gardsbruket som stølsretten er knytta til, er i drift og gardsbruket pr. 1/6-81 ikkje hadde slikt husvære. Eit gardsbruk er i drift når det har meir enn 5 da årleg dyrka mark og jorda ikkje er forpakta bort. Lokalisering og utforming skal godkjennast av tilsynsutvalet (sjå pkt. 3.2.a.).
- f) at fjellstyret oppfører naudsynte jakt- og fiskebuer og naust til eige bruk i samsvar med § 35 i fjell-  
lova.

4.1.3. Forvaltningsstyremakta kan gjeve løyve til:

- a) naudsynte tiltak i landbruket som elles ikkje er tillatne etter desse reglane, så som nydyrking, bygging av husvære med uthus, og sperregjerde for beitedrifter (sjå pkt. 3.2.b.), og anlegg av vegar for jordbruket, taubanar, telefon og kraftliner,
- b) naudsynte tiltak for jakt- og fiskenæring. Oppføring av jakt- og fiskebuer kan berre skje når det er naudsynt for gardsbruk i drift og i andre særlege høve,
- c) merking, herunder kvisting, av nye eller omlegging av opparbeida turistruter og -løyper (sjå pkt. 4.7.c.), naudsynt bygging og drift av turisthytter og tiltak i samband med dette,

Det kan setjast vilkår for løyvet.

## 4.2. Dyrelivet

### 4.2.1.

Ville dyr og deira buplass, hi, reir og egg skal vere freda mot skade, øydelegging og unødig uro av alle slag, mellom anna fotografering og anna uro i yngletida.

### 4.2.2.

Det er tillate med jakt som ellers er lovleg på elg, rein, hjort, rådyr, hare, raudrev, mink, rype, kråke, ramn, skjære, fiskemåse, stokkand, krikand, skogsfugl og fangst av smågnagarar.

Reglane etter viltlova om retten til å forfølgje og avlive skada vilt, gjeld.

### 4.2.3.

Bjørn, ulv, jerv og gaupe kan avlivast når dette er naudsynt for å fjerne aktuell og monaleg fare for skade på person, eller under direkte åtak på bufe. Kongeørn kan og fellast under direkte åtak på bufe. Felling av rovvilt etter denne regelen skal straks meldast til politi og viltneemd. Miljøverndepartementet, eller den som departementet gjev fullmakt, kan

- gje løyve til å redusere bestandar som er freda etter desse reglane for å oppretthalde den økologiske balansen i området.
- og gje løyve til å felle einskilddyr av bjørn, jerv og gaupe om dei i delar av parken gjer vesentleg skade på bufe, men berre dersom vedkommande dyrestamme kan tåle det.

### 4.2.4.

Hundar må ikkje sleppast laus i området.

Unnteke er bruk av hund til jakt og gjeting og sanking av beitedyr og i politi- og fjellsikringsteneste.

### 4.2.5.

Nye, ville dyrearter må ikkje innførast.

### 4.2.6.

Fiske er tillate etter dei reglane som gjeld for fiske i området.

## 4.3. Plantelivet

### 4.3.1

Planter, også levande og daude tre og buskar, skal vere freda mot skade og øydelegging av alle slag som ikkje følgjer av vanleg ferdsle og jordbruk. Om ein ikkje tek med rota, kan ein plukke planter som ikkje er særskilt freda. Ein kan óg sanke sopp og bær.

## 4.3.2.

Reglane i pkt.4.3.1. skal ikkje vere til hinder for å ta bjørk vier, brisk, gran og furu til bruk i området om dette ikkje fører til nemnande skade på den lokale bestand, for andre arter eller gjev endringar i landskapsbilete. Torv kan nyttast til taktekkjing i området. Turre furuer og hule tre som kan tene som buplass for fuglar, må ikkje fellast.

## 4.3.3.

Nye, ville planteartar må ikkje innførast.

4.4. Geologiske førekomster

Det er forbode å bryte laus stein, mineraler eller fossiler for samleføremål eller sal. Det same gjeld uttak av slikt lausmateriale for sal.

4.5. Motorferdsle

## 4.5.1.

Motorferdsle til lands og på vatn og landing med luftfarty er forbode unnateke til ambulanse-, rednings-, brannvern-, veterinær- og polititeneste og i særskilde høve for offentleg teleteneste og el-forsyning.

## 4.5.2.

Forbodet gjeld ikkje motorferdsle

- a) med luftfarty og båt i samband med stølsdrift, slepp, tilsyn og sanking av beitedyr, og
- b) med beltekøyrety på vinterføre for transport av mat, utstyr og betjening til og frå turisthytter, og for kvisting og staking av skiløyper, (sjå og pkt. 4.1.3.c.).

## 4.5.3.

Forvaltningsstyresmakta (sjå pkt. 3.2.c.) kan dessutan etter søknad for einiskilde tilfelle eller ved vedtekt, som skal godkjennast av Miljøverndepartementet, gje løyve til:

- a) anna naudsynt transport i samband med jordbruksdrift, storviltjakt, garnfiske, fiskepleie og turisthyttedrift. Det same gjeld naudsynt transport av materialer, utstyr og brensel o.l. til hytter og buer, og andre naudsynte transportoppdrag. For traktor kan det berre gjevast løyve til køyring etter faste eller særleg oppgjevne ruter.
- b) transport av gamle og uføre som har ei særleg tilknytning til nasjonalparkområdet.

4.6. Forureining m.v.

## 4.6.1.

Det er ikkje tillate å forsøple naturen. Avfall skal brennast eller takast med ut av området. Forsvarleg nedgraving av

materiale som rotnar er tillate. Ved dei faste overnattingskvartera er det òg tillate med ei forsvarleg nedgraving av anna materiale.

#### 4.6.2.

Det må ikkje nyttast kjemiske plantevernmiddele som kan verke inn på dei naturgitte tilhøva.

#### 4.7. Ferdsle m.v.

- a) Alle skal oppføre seg omsynsfullt og varsamt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyreliv eller beitedyr eller veret til ulempe for andre.
- b) Idrettsarrangement og organiserte teltleirar må ha særskilt løyve fra tilsynsutvalet, sjå pkt. 3.2.d.
- c) Dersom omsynet til natur eller kulturminne tilseier det, kan forvaltningsstyresmakta syte for at opparbeida turist-ruter og -løyper vert omlagde eller nedlagde.
- d) Ænnafor nærare avgrensa delar av nasjonalparken kan departementet forby all slags ferdsle heile året eller ein del av året når ein reknar det naudsynt for å verne naturmiljøet, plante- eller dyrelivet eller geologiske førekomstar. Regelen gjeld ikkje ferdsle for politi-, brannvern-, ambulanse eller redningstjeneste.

#### 5. GENERELLE REGLAR OM UNNTAK

- Departementet kan gjere unntak frå reglane i pkt. 4
- for tiltak ut fra vesentlege samfunnsmessige omsyn,
  - for vitskapelege føremål til visse personar eller institusjonar,
  - når føremålet med fredinga krev det,
  - i særlege tilfelle når det ikkje er i strid med føremålet med nasjonalparken.

VERNEREGLAR FOR SKAUPSJØEN/HARDANGERJØKULEN LANDSKAPS-  
VERNOMRÅDE.

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63 § 5, jfr. § 6, og §§ 21, 22 og 23, er det ved kgl.res. av 10.april 1981 fastsett at eit område i kommunane Eidfjord og Ulvik i Hordaland fylke og i kommunane Hol og Nore og Uvdal i Buskerud fylke skal leggjast ut som landskapsvernområde med namnet **Skaupsjøen/Hardangerjøkulen** landskapsvernområde i tilknytning til Hardangervidda nasjonalpark.

I. STORLEIK OG GRENSAR

Landskapsvernområdet omfattar delar av statsallmenningane Eidfjord, Ulvik og Øvre Numedal og delar av følgjande gnr./bnr.:

Eidfjord kommune: Gnr./bnr. 26/1,2,3,4,5,6,7,8 - 27/1,2,3,4,5 - 28/1,2,3,4,5,6,7,8.

Hol kommune: Gnr./bnr. 44/2,6,17 - 45/1 - 46/1 - 47/2,3,23 - 48/1 - 49/4,15 - 50/1 - 51/1,3,4 - 52/1,3,6,8,10,13,188,364 - 53/4 - 54/1,3 - 55/1,2,4,5,7,8,53 - 56/1,2,4,6 - 57/1,3,6,7,16 - 58/3,7 - 59/1,2,5,15 - 60/2,5,7,9,17 - 61/1,5,6 - 62/4 - 63/1,3 - 64/1,2,3,7,8,12 - 64/1 - 66/1,6,19,93 - 67/1,2,4,5,6 - 68/1,5 - 69/2,14 - 70/1 - 71/1 - 72/1,2,3,5 - 76/1 - 77/1 - 78/1 - 79/1 - 80/1 - 81/1,3,4 - 82/1,2 - 83/1,2 - 84/1 - 85/1 - 86/1 - 87/18 - 88/1 - 89/1 - 90/1 - 91/1,5 - 92/1,2,3 - 93/1.

Nore og Uvdal kommune: Gnr.bnr. 30/2 - 36/1 - 38/1 - 41/3 - 45/1,3.

Det samla areal for landskapsvernområdet er ca 559 km<sup>2</sup>.  
Av dette ligg 387 km<sup>2</sup> i Hordaland fylke og 172 km<sup>2</sup> i Buskerud fylke.

Landskapsvernområdet har følgjande grenser:

Grensa tek utgangspunkt på store Grønenuten h. 1384 (69) i Hol kommune og går nordvestover til Krekkjaheii h. 1335 (70). Derifrå går grensa nord-nordvestover til utlaupet av Grøna i Lægreidvatnet (71) og følgjer vestbredden av Ørterenmagasinet (Lægreidvatn, Ørteren og ned. Trestiklan) ved h.r.v. 1146,0 til nordlegaste breidd av nedre Trestiklan (72). Grensa går vidare mot nord-nordvest fram til Bergsmulden h. 1496 (73) og følgjer derifrå fylkesgrensa mellom Buskerud og Hordaland fram til h. 1470 (74) nordvest for Bergsmulnut. Derifrå vest-nordvestleg til store Hansbunuten h. 1476 (75) og nordover til lille Hansbunuten h. 1367 (76). Grensa går vidare nordaustover til Ustekveikja der Tveraa munnar ut (77) og følgjer det nordlegaste laup tilvassdraget til utlaupet av Ustekveikja i Finsevatnet (78) og følgjer vassdraget i same retning til vestenden av Ustekveikvatn (79). Derifrå nordvestover til Memorge, h. 1412 (80) og så syd-

vestover til Brakanut h. 1311 (81) og sørover langs grensa for statsallmenninga til Luranuten h. 1637 (82). Grensa går vidare syd-sydvestover ca 1200 meter i retning av Rembesdalseter langs ein morenerygg, og går i enden av denne (83) søraustover til Moldnut h. 1270 (84) og vidare til store Tresnut h. 1672 (85) der ein kjem inn på grensa til statsallmenninga att. Grensa følgjer så statsallmenningsgrensa sydaustover til knekkpunkt ved h. 1569 (86) sydvest av vesle Leirbotnskåki. Derifrå går grensa sydaust til vestenden av Leirvatnet (87) og vidare til Smyttenutane h. 1214 (88). Grensa går så sydaustover til punkt der statsallmenningen har knekkpunkt sydaustover i Kjeldovassdraget (89). Derifrå følgjer grensa statsallmenningsgrensa ned til Steinbunuten h. 1371, Hella blå, Håsteinen og til slutt Hyttehaugen h. 1321 (65). Derifrå går grensa nordaustover saman med nasjonalparkgrensa til Nibbesnuten h. 1325 (66) og austover til Skyttarbuhoalda h. 1267 (67). Grensa går derifrå nordover til ho i eit punkt møter grensa mellom kommunane Hol og Nore og Uvdal på austbredden av øvre Hein (68). Derifrå går grensa aust-nordaustover attende til utgangspunktet store Grønenuten h. 1384 (69).

Dei nøyaktige grensene skal oppmerkjast i marka og då hovudsakleg ved markering av grensepunkta. Grensene er innteikna på eit kart i målestokk 1:100 000 datert Miljøverndepartementet mars 1981. Kartet blir oppbevart i kommunane, hjå fylkesmennene, skogforvaltninga og i Miljøverndepartementet. Kartet svarar til følgjande kart i M 711-serien (1:50 000): 1314 I Røldal, 1315 I Ullensvang, 1315 II Ringedalsvatn, 1414 I Songevatn, 1414 IV Haukelisæter, 1415 I Bjoreio, 1415 II Nordmannslågen, 1415 III Hårteigen, 1415 IV Eidfjord, 1416 II Hardangerjøkulen, 1416 III Myrdal, 1514 I Frøystul, 1514 IV Møsstrand, 1515 I Skurdalen, 1515 II Kalhovd, 1515 III Lågaros, 1515 IV Hein, 1516 III Hallingskarvet.

## II REGLAR

### 1. Føremål

Føremålet er å verne eit særmerkt og vakkert naturlandskap med mange kulturminne i tilknytning til Hardangervidda nasjonalpark.

### 2. Rettstilhøve

Grunneigarar og andre rettshavarar skal framleis ha eigedomsrett og bruksrett i landskapsvernområdet og kan nytte rettane i den grad det ikkje kjem i strid med desse reglane. Det same gjeld bruk av allmenningrettar etter fjellova. Der vernereglane gjev løyve til bruk, gjeld dette berre i høve til vernet og gjev ikkje løyve til bruk eller utnytting i strid med rettar eller lovreglar.



### 3. Forvaltning

Desse reglane vert forvalta av Miljøverndepartementet, Direktoratet for statens skoger og tilsynsutval oppnemnde av kommunane. Dessutan skal det velgjast eit råd for Hardangervidda.

Søknader om dispensasjon frå dei vernereglane som skal handsamast av tilsynsutvalet og som er nemnd i punkt 3.2.a og b, skal sendast direkte til tilsynsutvalet i kommunen. Søknader om dispensasjon frå andre vernereglar sendast til skogforvaltaren.

Andre lover og reglar enn vernereglane vert forvalta av vedkommande styresmakt, så som kommunestyre, fjellstyre, vilt-nemnd, innlandsfiskenemnd, landbruksnemnd og bygningsråd.

#### 3.1. Direktoratet for statens skoger (DSS).

Miljøverndepartementet fastset dei oppgåvene som skal utførast av DSS og dei vernereglane som DSS skal vere forvaltningsstyresmakt for.

#### 3.2. Tilsynsutval.

For kvar kommune som har areal i landskapsvernområdet, skal det velgjast eit tilsynsutval for den del av landskapsvernområdet som ligg i vedkommande kommune. Tilsynsutvalet skal ha leiar, nestleiar og 3-5 medlemmer, alle med varamedlemmer. Det skal vere same tilsynsutval for nasjonalparken og landskapsvernområdet.

Ved val av tilsynsutval skal kommunen syte for at naturverninteressene, friluftinteressene, landbruksinteressene og jakt- og fiskeinteressene vert representerte i utvalet. Organisasjonar med interesser i landskapsvernområdet skal gjevast høve til å gjere framlegg om medlemmer i utvalet.

Ligg det private eigedomar i landskapsvernområdet, skal kommunestyret syte for at ein av medlemmene vert valt blant dei som er jordbrukarar med privat eigedom i verneområdet. Er det statsallmenning i verneområdet skal ein medlem verte valt blant dei som har rett til allmenningsbruk i allmenningen som jordbrukar.

Kommunestyret kan velgja dei som sit i fjellstyret som medlemmer i tilsynsutvalet, om dei fyllar ovannemnde krav.

Tilsynsutvalet skal følgje med i utviklinga i sin del av landskapsvernområdet og gje råd og uttale i saker som vedkjem forvaltninga av dette.

Vernereglane er gjevne i punkt 4. Tilsynsutvalet er forvaltningsstyresmakt for følgjande delar av vernereglane:

- a) Utforming av ombygging etter punkt 4.1.2.d og lokalisering og utforming av husvære etter punkt 4.1.2.e.
- b) Nydyrking, sperregjerde for beitedrifter, oppføring av naudsynte husvære med uthus i landbruket etter punkt 4.1.3.a og naudsynte tiltak for jakt- og fiskenæring etter punkt 4.1.3.b. Unnatekne er likevel oppføring av jakt- og fiskebuer.

Tilsynsutvalet kan verte forvaltningsstyresmakt for andre tiltak og anna verksemd etter nærare avgjerd frå departementet.

Tilsynsutvala skal straks melde frå til DSS ved skogforvaltaren om dei vedtak utvalet fattar. Skogforvaltaren kan påklage vedtaka til tilsynsutvala.

### 3.3. Rådet for Hardangervidda

Kongen skal nemne opp eit Råd for Hardangervidda samansett av leiar, nestleiar og ein representant frå kvar av kommunane,\* Landbruksdepartementet, Miljøverndepartementet, fylkesmennene i fylka Buskerud, Hordaland og Telemark, og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, Norges Naturvernforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund og Norske Turistforeningers Forbund. Alle peiker sjølv ut sine representantar.

Rådet for Hardangervidda skal ha følgjande oppgåver i landskapsvernområdet:

- a) følgje med utviklinga m.a. på grunnlag av årsrapportar frå skogforvaltninga,
- b) gje slik fråsegn til departementet, skogforvaltninga og tilsynsutvala som rådet finn grunn til, og
- c) uttale seg om saker som vert lagd fram for det av departementet eller skogforvaltninga.

Direktoratet for statens skoger ved skogforvaltninga skal vere sekretar for Rådet.

### 3.4. Nærare reglar for forvaltningsorgana.

Departementet kan fastsetje nærare reglar for forvaltningsorganas utøving av myndighet og arbeid elles.

\* Jfr. kgl.res. av 10. april 1981 om skipinga av Hardangervidda nasjonalpark.

#### 4. VERNEREGLAR

##### 4.1. Landskapet

###### 4.1.1.

Landskapet skal vere verna mot tiltak som vesentlig kan endra landskapet sin art eller karakter, så som vegbygging, nydyrking, bergverksdrift, massetak, vassdragsreguleringar, framføring av kraft- og telefonlinjer, taubaner, heisar, flyplassar og oppføring av bygningar. Kulturminne må ikkje påførast skade.

###### 4.1.2.

Reglane under punkt 4.1.1. skal ikkje vere til hinder for:

- a) vedlikehald av eksisterande turistruter, driftvegar og andre vegar, så som bygging av naudsynte klopper og bruer, når dette ikkje krev sprenging eller gravearbeid som det skal nyttast maskinelt utstyr til,
- b) naudsynt inngjerding av dyrkingsområde og samlekkeveer,
- c) naudsynt merking og kvisting av ski- og turistløyper, der dette er gjort tidlegare,
- d) naudsynt vedlikehald og mindre ombygging av husvære og uthus (utforminga ved ombygging må godkjennast av tilsynsutvalet, sjå punkt 3.2.a),
- e) at grunneigarar med stølsrett skal ha rett til, for eigen bruk, å føre opp eit husvære med uthus for jakt og fiske, på eigen grunn eller i sameige, dersom det gardsbruket som stølsretten er knytta til er i drift, og gardsbruket pr 1. juni 1981 ikkje hadde slikt husvære. Eit gardsbruk er i drift når det har meir enn 5 dekar årleg dyrka mark og jorda ikkje er forpakta bort. Lokalisering og utforming skal godkjennast av tilsynsutvalet (sjå punkt 3.2.a).
- f) at fjellstyret oppfører naudsynte jakt- og fiskebuer og naust til eige bruk i samsvar med § 35 i fjellova.

Alle skal oppføre seg omsynsfullt og varsamt for ikkje å skade natur- og kulturverdiane eller vere til ulempe for andre. Det er ikkje tillate å forsøple naturen.

###### 4.1.3.

Forvaltningsstyresmakta kan gjeve løyve til:

- a) naudsynte tiltak i landbruket som elles ikkje er tillatne etter desse reglane, så som nydyrking, bygging av husvære med uthus, og sperregjerde for beitedrifter (sjå punkt 3.2.b), og anlegg av vegar for jordbruket, taubaner, telefon- og kraftliner,

- b) naudsynte tiltak for jakt- og fiskenæring. Oppføring av jakt- og fiskebuer kan berre skje når det er naudsynt for gardsbruk i drift og i andre særlege høve,
- c) merking, herunder kvisting, av nye eller omlegging av opparbeida turistruter og -løyper, naudsynt bygging og drift av turisthytter og tiltak i samband med dette.

Det kan setjast vilkår for løyvet.

#### 5. GENERELLE REGLAR OM UNNTAK

Departementet kan gjere unnatak frå reglane i punkt 4

- for tiltak ut frå vesentlege samfunnsmessige omsyn,
- for vitskapelege føremål til visse personar eller institusjonar,
- når føremålet med fredinga krev det,
- i særlege tilfelle når det ikkje er i strid med føremålet med landskapsvernområdet.

VERNEREGLAR FOR MØSVATN AUSTFJELL LANDSKAPSVERNOMRÅDE MED FUGLELIVSPREDNING I NEDRE DEL AV NEDSLAGSFELTET TIL HONDLEVASSDRAGET

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63 §§ 5 og 14, jfr. § 6 og §§ 21, 22 og 23, er det ved kgl.res. av 10.april 1981 fastsett at eit område i tilknytning til Hardangervidda nasjonalpark i kommunane Tinn og Vinje i Telemark fylke skal leggjast ut som landskapsvernområde med namnet Møsvatn Austfjell landskapsvernområde, og som skal ha ei fuglefredning i nedre del av nedslagsfeltet til Hondlevassdraget.

I. STORLEIK OG GRENSER

Landskapsvernområdet omfattar delar av følgjande gnr./bnr.:

Vinje kommune: Gnr./bnr. 164/1,2,3,5,11,13,15,16 - 167/1,2 - 168/1,4,5.

Tinn kommune: Gnr./bnr. 69/3 - 78/8 - 87/2,6,7 - 89/1,4 - 90/1 - 91/8 - 92/4 - 93/6,8 - 95/5 - 108/7 - 109/1 - 110/1,7 - 112/1,2 - 113/1,2,3,4 - 114/2,6 - 116/2,3 - 117/11 - 118/2,3,8,13,16 - 119/9 - 121/4 - 122/5,10,68 - 123/2,102 - 124/5,9,13 - 136/7 - 137/10,11,13 - 138/2,8.

Det samla areal for landskapsvernområdet er ca 306 km<sup>2</sup>. Av dette ligg omlag 105 km<sup>2</sup> i Vinje kommune og 201 km<sup>2</sup> i Tinn kommune. Området der fuglelivet er freda ligg i Tinn kommune og er ca 4,5 km<sup>2</sup>.

Landskapsvernområdet har følgjande grenser:

Grensa tek utgangspunkt på Hyttenutan h. 1450 (12) i Vinje kommune og går derifrå søraustover til austre Vinikyrkja h. 1325 (90). Derifrå går grensa vidare til Gjuvikfjell h. 1571 (91) og så sør-søraustover i rett line ned til sørspissen av Tuddøltjønn (92) og følgjer vasskanten fram til utlaupet av vatnet (93). Grensa held fram i aust-søraustleg retning til sørenden av Flottetjønn (94) og vidare sør-søraustleg ned til Vetrhusfjell h. 1113 (95) og Kokenut (Kokarnut) h. 1086 (96). Derifrå søraustover i rett line ned til Hondlevassdraget sitt utlaup i Svingling på grensa mellom kommunane Tinn og Vinje (97). Grensa går så nord-austover til punkt h. 949 (98) eit par hundre meter sør-søraust for søraustlegaste breidd i Finnerotjern og nord-austover til punkt h. 1124 (99) like nord-nordvest for Listøl og vidare til Vigfithøgda h. 1285 (100) og til Nøtingshovd h. 1341 (101) og nord-nordvestover fram til Lostjønnut h. 1336 (102). Grensa går vidare nordvestover til vestlegaste breidd av Stuttostjønn (103) og vidare vest-nordvest fram til der Saurbekk går ut i Gøystavatn (104). Derifrå går grensa nordvestover over Skardfjell fram til h. 1488 (105),

derifrå nord-nordvest til austenden av Ongelbutjørn (106) og vidare nordvestover til Holabrotet h. 1187 (107). Grensa går så vidare nordvestover fram til Stordalsnutan h. 1444 (11) og attende sørvestover til utgangspunktet på Hyttenutan h. 1450 (12) langs nasjonalparkgrensa.

Området med særskilde vernereglar for fuglelivet har følgjande grenser:

Grensa følgjer grensa for landskapsvernområdet frå det punkt mellom 96 og 97 der denne krysser nordvestre strandbreidd på det lille vatnet vest for nordenden av Steinar-tjern, fram til punkt 98. Herfra vinkler grensa nordnord-austover til markert topp aust for Finnerotjern, herifrå i rett line nord-nordvestover til møte mellom to bekkar ca 400 meter rett vest for Merakkseter, herfra i rett line vest-nordvestover til brua over Hondle aust for Grønliseter, deretter i rett line fram til utgangspunktet mellom punktene 96 og 97 i grensa for landskapsvernområdet.

Dei nøyaktige grensene skal oppmerkjast i marka og då hovudsakleg ved markering av grensepunkta. Grensene er innteikna på eit kart i målestokk 1:100 000 datert Miljøverndepartementet mars 1981. Kartet blir oppbevart i kommunane, hjå fylkesmennene, skogforvaltninga og i Miljøverndepartementet. Kartet svarar til følgjande kart i M 711-serien (1:50 000): 1314 I Røldal, 1315 I Ullensvang, 1315 II Ringedalsvatn, 1414 I Songevatn, 1414 IV Haukelisæter, 1415 I Bjoreio, 1415 II Nordmannslågen, 1415 III Hårteigen, 1415 IV Eidfjord, 1416 II Hardangerjøkulen, 1416 III Myrdal, 1514 I Frøystul, 1514 IV Møsstrand, 1515 I Skurdalen, 1515 II Kalhovd, 1515 III Lågaros, 1515 IV Hein, 1516 III Hallingskarvet.

## II. REGLAR

### 1. FØREMÅL

Føremålet er å verne eit særmerkt og vakkert natur- og kulturlandskap med mellom anna eit variert dyreliv, med kulturminne og til dels med særskilte naturområde i tilknytning til Hardangervidda nasjonalpark.

### 2. RETTSTILHØVE

Grunneigarar og andre rettshavarar skal framleis ha eigedomsrett og bruksrett i landskapsvernområdet og kan nytte rettane i den grad det ikkje kjem i strid med desse reglane. Det same gjeld bruk av almenningsrettar etter fjellova. Der vernereglane gjev løyve til bruk, gjeld dette berre i høve til vernet og gjev ikkje løyve til bruk eller utnytting i strid med rettar eller lovreglar.

### 3. FORVALTNING

Desse reglane vert forvalta av Miljøverndepartementet, Direktoratet for statens skoger og tilsynsutval oppnemnde av kommunane. Dessutan skal det velgjast eit råd for Hardangervidda.

Søknader om dispensasjon frå dei vernereglane som skal handsamast av tilsynsutvalet og som er nemnd i punkt 3.2.a og b, skal sendast direkte til tilsynsutvalet i kommunen. Søknader om dispensasjon frå andre vernereglar sendast til skogforvaltaren.

Andre lover og reglar enn vernereglane vert forvalta av vedkommande styresmakt, så som kommunestyre, fjellstyre, vilt-nemnd, innlandsfiskenemnd, landbruksnemnd og bygningsråd.

#### 3.1. Direktoratet for statens skoger (DSS)

Miljøverndepartementet fastset dei oppgåvene som skal utførast av DSS og dei vernereglane som DSS skal vere forvaltningsstyresmakt for.

#### 3.2. Tilsynsutval

For kvar kommune som har areal i landskapsvernområdet, skal det velgjast eit tilsynsutval for den del av landskapsvernområdet som ligg i vedkommande kommune. Tilsynsutvalet skal ha leiar, nestleiar og 3-5 medlemmer, alle med varamedlemmer. Det skal vere same tilsynsutval for nasjonalparken og landskapsvernområdet.

Ved val av tilsynsutval skal kommunen syte for at naturverninteressene, friluftinteressene, landbruksinteressene og jakt- og fiskeinteressene vert representerte i utvalet. Organisasjonar med interesser i landskapsområdet skal gjevast høve til å gjere framlegg om medlemmer i utvalet.

Ligg det private eigedomar i landskapsvernområdet, skal kommunestyret syte for at ein av medlemmene vert valt blant dei som er jordbrukarar med privat eigedom i verneområdet. Er det statsalmenning i verneområdet skal ein medlem verte valt blant dei som har rett til almenningsbruk i almenningen som jordbrukar.

Kommunestyret kan velgje dei som sit i fjellstyret som medlemmer i tilsynsutvalet om dei fyller ovannemnde krav.

Tilsynsutvalet skal følgje med i utviklinga i sin del av landskapsvernområdet og gje råd og uttale i saker som vedkjem forvaltninga av denne.

Vernereglane er gjevne i punkt 4. Tilsynsutvalet er forvaltningsstyresmakt for følgjande delar av vernereglane:

- a) Utforming av ombygging etter punkt 4.1.2.d og lokalisering og utforming av husvære etter punkt 4.1.2.e.

- b) Nydyrking, sperregjerde for beitedrifter, oppføring av naudsynte husvære med uthus i landbruket etter punkt 4.1.3.a og naudsynte tiltak for jakt- og fiskerier etter punkt 4.1.3.b. Unnateke er oppføring av jakt- og fiskebuer.

Tilsynsutvalet kan verte forvaltningsstyresmakt for andre tiltak og anna verksemd etter nærare avgjerd frå departementet.

Tilsynsutvala skal straks melde frå til DSS ved skogforvaltaren om dei vedtak utvalet fattar. Skogforvaltaren kan påklage vedtaka til tilsynsutvala.

### 3.3. Rådet for Hardangervidda

Kongen skal nemne opp eit Råd for Hardangervidda samansett av leiar, nestleiar og ein representant frå kvar av: kommunane\*, fylkesmennene i fylka Buskerud, Hordaland og Telemark, Landbruksdepartementet, Miljøverndepartementet og organisasjonane Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, Norges Naturvernforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund og Norske Turistforeningers Forbund. Alle peiker sjølv ut sine representantar.

Rådet skal ha følgjande oppgåver i landskapsvernområdet:

- a) følgje med i utviklinga m.a. på grunnlag av årsrapportar frå skogforvaltninga,
- b) gje slik fråsegn til departementet, skogforvaltninga og tilsynsutvala som rådet finn grunn til, og
- c) uttale seg om saker som vert lagd fram for det av departementet eller skogforvaltninga.

DSS ved skogforvaltninga skal vere sekretær for rådet.

### 3.4. Nærare reglar for forvaltningsorgana.

Departementet kan fastsetje nærare reglar for forvaltningsorganas utøving av myndighet og arbeid elles.

## 4. VERNEREGLAR

### 4.1. Landskapet.

#### 4.1.1.

Landskapet skal vera verna mot tiltak som vesentlig kan endre landskapet sin art eller karakter, så som vegbygging, nydyrking, berverksdrift, massetak, vassdragsreguleringar, framføring av kraft- og telefonlinjer, taubaner, heisar, flyplassar og oppføring av bygningar. Kulturminne må ikkje påførast skade.

\* Jfr. kgl.res av 10. april 1981 om skipinga av Hardangervidda nasjonalpark.



## 4.1.2.

Reglane under punkt 4.1.1. skal ikkje vere til hinder for:

- a) vedlikehald av eksisterande turistruter, driftevegar og andre vegar, så som bygging av naudsynte klopper og bruer, når dette ikkje krev sprenging eller gravearbeid som det skal nyttast maskinelt utstyr til,
- b) naudsynt inngjerding av dyrkingsområde og samlekveer,
- c) naudsynt merking og kvisting av ski- og turistløyper, der dette er gjort tidlegare,
- d) naudsynt vedlikehald og mindre ombygging av husvære og uthus (utforminga ved ombygging må godkjennast av tilsynsutvalet, sjå punkt 3.2.a),
- e) at grunneigarar med stølsrett skal ha rett til, for eigen bruk, å føre opp eit husvære med uthus for jakt og fiske, på eigen grunn eller i sameige, dersom det gardsbruket som stølsretten er knytta til, er i drift og gardsbruket pr 1. juni 1981 ikkje hadde slikt husvære. Eit gardsbruk er i drift når det har meir enn 5 dekar årleg dyrka mark, og jorda ikkje er forpakta bort. Lokalisering og utforming skal godkjennast av tilsynsutvalet (sjå punkt 3.2.a).

Alle skal oppføre seg omsynsfullt og varsamt for ikkje å skade natur- og kulturverdiane eller vere til ulempe for andre. Det er ikkje tillate å forsøple naturen.

## 4.1.3.

Forvaltningsstyresmakta kan gjeve løyve til:

- a) naudsynte tiltak i landbruket som elles ikkje er tillatne etter desse reglane, så som nydyrking, bygging av husvære med uthus, og sperregjerde for beitedrifter (sjå punkt 3.2.b), og anlegg av vegar for jordbruket, taubaner, telefon- og kraftliner,
- b) naudsynte tiltak for jakt- og fiskenæring. Oppføring av jakt- og fiskebuer kan berre skje når det er naudsynt for gardsbruk i drift og i andre særlege høve,
- c) merking, herunder kvisting, av nye eller omlegging av opparbeida turistruter og -løyper, naudsynt bygging og drift av turisthytter og tiltak i samband med dette.

Det kan setjast vilkår for løyve.

## 5.

I dei delar av landskapsvernområdet der fuglelivet er freda skal følgjande vernereglar gjelde:

- a) Fuglar og deira reir og egg skal vere freda mot skade og øydelegging av alle slag. Det kan drivast vanleg jakt på rype.

Miljøverndepartementet kan gi løyve til kontrollert reduksjon av arter som er freda etter desse reglane for å oppretthalde den økologiske balansen i området.

- b) Fuglelivet skal være verna mot uro og fotografering i yngletida.
- c) Hundar må ikkje sleppast laus i området. Unnateke er bruk av hund til jakt- og sauedrift og i politi- og sikringsteneste.
- d) Nye fugleartar må ikkje innførast.
- e) Departementet kan fastsetje reglar om regulering av ferdsla dersom dette syner seg naudsynt for å oppfylle føremålet med fredinga.

#### 6. GENERELLE REGLAR OM UNNATAK

Departementet kan gjere unnatak frå reglane i punkt 4 og 5

- for tiltak ut frå vesentlege samfunnsmessige omsyn,
- for vitskapelege føremål til visse personar eller institusjonar,
- når føremålet med fredinga krev det,
- i særlege tilfelle når det ikkje er i strid med føremålet med landskapsvernområdet.

## VERNEREGLAR FOR HARDANGERVIDDA NASJONALPARK

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63, § 3, jfr. § 4, og §§ 21, 22 og 23, er det ved kgl.res. av 10. april 1981 fastsett at eit område i kommunane Odda, Ullensvang og Eidfjord i Hordaland fylke, kommunane Vinje og Tinn i Telemark fylke og kommunane Hol og Nore og Uvdal i Buskerud fylke, skal leggjast ut som nasjonalpark med namnet Hardangervidda nasjonalpark.

### I. STORLEIK OG GRENSER

Nasjonalparken omfattar delar av statsalmenningane Eidfjord, Ullensvang, Odda, Røldal, Øvre Numedal og heile Rauland statsalmenning og heile eller delar av følgjande gnr/bnr:

#### Eidfjord kommune:

Sandvadet stølssameige bestående av gnr/bnr 16/(1),2,(3).

Frisæter - Kristofferbu - Olavsdalen stølssameige bestående av gnr/bnr 5/4, (8,12,14), 19,(40).

Vedalen og Fivlingen grunneigarlag bestående av gnr/bnr 4/1,5 - 5/1,2,3,5,6,7,9,11,13,15,16,17,27,33 - 6/1,2,3,4 - 7/1,2 - 15/1,2,3 - 25/1,2,3,4,7,8,9,10,11,13,14,16,17,18,21, 25,39,40,43,47,48,53,85,91.

Hadle - Drolstøl - Skiseter sameige bestående av gnr/bnr 8/1,2,3,4,5,6,7,8,10,12,14,26 - 14/1,2,3,4,5,7,8,12.

Bjoreidalen søndre sameige bestående av gnr/bnr 8/1,4,10 - 5/9 - 20/1 - 24/2.

Veigdalen sameige bestående av gnr/bnr 9/1,3,4,5,6,7,10,11, 17,34 - 10/1,2,3,4,8 - 11/1,2 - 12/1,2,6 - 13/1,2,4,7,8,10,23 - (13/5)

(Nr. i parentes ovafor ligg i Ullensvang kommune)

#### Ullensvang kommune:

Kvanndal - Rjuen sameige bestående av gnr/bnr 142/1,2,4,5,6,8, 9,10,11 - 143/1,2,3 - 144/1,2 - 145/1,2 - 146/1,2,3,4 - 147/1,3,4,5.

Grøndalen stølssameige bestående av gnr/bnr 139/1,2,3,4,5,6. Gravdal stølssameige bestående av gnr/bnr 149/1 - 70/1,2 - 72/3.

Nasene stølssameige bestående av gnr/bnr 143/1,2,3 - 106/2.

Fodnastøl bestående av gnr/bnr 144/1,2 - 145/1,2 - 146/1,2,3,4 - 147/1,3,4,5.

Stavali gnr/bnr 76/1.

Helnaberg stølssameige bestående av gnr/bnr 148/1,2,3,4 - 149/2 - 128/7.

Skuggabjørg stølssameige bestående av gnr/bnr 64/4 - 150/1,2 - 151/1,2,3,4,5,6,8.

Vivheller stølssameige bestående av gnr/bnr 71/1,2,3,4,5,6,7,8,9.

Reppane stølssameige bestående av gnr/bnr 85/1,3,6,8,18.

Monkabu stølssameige bestående av gnr/bnr 82/1,2,3,4 - 84/4,8,10,15,17.

Kinsekvelv stølssameige bestående av gnr/bnr 78/1,3,4,5.

Solheimedalen stølssameige bestående av gnr/bnr 81/1,2,4 - 83/1,2 - 84/1,2,3.

Fagerli stølssameige bestående av gnr/bnr 79/1,2,3,4,6,7,8,9,10,11,18,19,21 - 80/1,2,3.

Heimste Hadlaskard stølssameige bestående av gnr/bnr 50/2,4 - 51/1,7 - 52/1,2,3 - 53/1,2,3,4,5 - 54/1,2,3,4,5,6,7,8,9,10 - 55/1,2,3,4 - 56/1 - 57/1,2 - 58/1,2 - 59/3,4 - 60/1,2, - 61/1,2,3,4 - 62/1,3,4,5,6,7,8,9 - 63/1,2 - 64/2,3,4,5,6,7,8,11 - 65/1 - 66/1,3,5,7,8 - 67/1,2,3 - 68/1,2,3,4 - 69/1,2,3,4 - 70/1 - 71/1,2,4,5,8,9 - 72/1,2,3 - 73/1,4,5 - 74/1,5,9,10,12,14,17,21,22,23,24,25,26 - 75/1 - 76/1 - 77/1,3,4 - 78/1,3,4,5 - 79/1,2,3,4,6,7,8,9,10,11 - 80/1,2,3 - 81/1,3 - 82/1,2,3,4 - 83/1,2 - 84/1,2,3,8,9,10,11,17 - 85/3,6,8 - 98/1,2,4,5,7,8 - 99/1,3 - 101/6 - 102/1,2 - 103/1 - 104/3 - 105/1,2 - 106/1,2 - 139/1,2,3,4,5,6 - 142/1,5,8 - 143/2 - 144/2 - 145/1,2 - 146/1,3,4 - 147/1,3 - 148/1,2,4 - 149/1,2 - 150/1,2 - 151/1,2,3,4,6,7,8.

Skriksete stølssameige bestående av gnr/bnr 72/3 - 76/1 - 77/1,3,4.

Opesjo stølssameige bestående av gnr/bnr 74/1,5,9,10,11,12,14,17,21,22,23,24,25,26,29 - 75/1.

Solbjørg bestående av gnr/bnr 72/1,2,3,5 - 73/1,4,5.

Peisabotn - Fagradal stølssameige bestående av gnr/bnr 72/1,2,3,5 - 73/1,4,5 - 77/1,2,4.

Fellesområde Opedal - Frøyenes/Loft./Eidnes bestående av gnr/bnr 72/1,2,5 - 73/1,4,5 - 74/1,5,9,10,11,12,14,17,21,22,23,24,25,26,29 - 75/1 - 77/1,4.

Finnabu - Vatnali - Langedalen stølssameige bestående av  
gnr/bnr 74/1,5,9,10,11,12,14,17,21,22,23,24,25,26,29 - 75/1.

Odda kommune:

Gnr/bnr 20/2,3 - 39/5,6,7,8,9,10.

Vinje kommune:

Gnr/bnr 88/6,11 - 99/2,5 - 101/1,2 - 133/1,2,3 - 162/3 -  
164/3 - 165/1,2,6 - 166/1,2.

Tinn kommune:

Gnr/bnr 23/2 - 49/7 - 56/1 - 57/12,13 - 69/11 - 72/1,7.

Hol kommune:

Gnr/bnr 86/1,4 - 87/2,3,12,22 - 94/2 - 95/1 - 97/2,4 - 98/1,3  
- 99/2 - 102/3 - 104/1.

Nore og Uvdal kommune:

Gnr/bnr 2/3,4,5,6 - 3/3,7 - 5/1,3,4 - 11/1 - 18/1 - 22/1 -  
35/1,8 - 40/1 - 51/1 - 56/13,26 - 60/2 - 61/8 - 62/1,3 -  
63/3 - 64/3 - 68/4 - 73/1 - 74/6 - 75/2 - 91/2 - 92/4 - 100/1  
- 101/1 - 102/1 - 103/2,4 - 105/1 - 106/1 - 107/1,2.

Rollag kommune:

Gnr/bnr 19/2,6.

Det samla areal i nasjonalparken er omlag 3.430 km<sup>2</sup>.  
Av dette ligg ca 1.817 km<sup>2</sup> i Hordaland fylke, 770 km<sup>2</sup> i  
Telemark fylke og 843 km<sup>2</sup> i Buskerud fylke.

Nasjonalparken har følgjande grenser:

Grensa tek utgangspunkt på Bjordalshøgden, h. 1251 (1) i  
Hol kommune, går søraustover til Falkenuten, h. 1252 (2)  
og sørsøraustover til utlaupet av Heinelvi i Numedalslågen  
(3), derifrå søraustover fram til h. 1255 (4) sør for Orme-  
tjørnane, h. 1202. Derifrå i sørsørvestleg retning til  
Beltenuten, h. 1280 (5) og vidare til punkt (6) på vest-  
enden av Fiskeløktjørni, derifrå til Skjortevarden, h. 1353  
(7) og austre Hettehove, h. 1412 (8). Derifrå søraustover  
til Grytekilnuten, h. 1364 (9) og Vikfjellet, h. 1474 (10).  
Grensa går så sørvestover til Stordalsnutan, h. 1444 (11)  
fram til Hyttenutan, h. 1450 (12). Derifrå vestover til  
h. 1311 (13) søraust om Bjørnegrønutan. Derifrå sørsøraust-  
over over Sätenutan h. 1462 (14) fram til møte med grense-

punkt for Rauland statsallmenning, h. 1496 (15). Grensa følgjer så statsallmenningsgrensa fram til Stokkholmen, h. 1600 (16). Derifrå nordvestover til Grothalsen, h. 1402 (17) og fram til kolle h. 1201 (18) i sørenden av Fjarefittjønni. Derifrå vestover til Vassdalseggi h. 1361 (19) og fram til h. 1312 (20) søraust av Midnutvatnet. Derifrå sør-sørvestover til sørenden av nedre Poddevatnet (21) og derifrå sørvestover til Mannevasseggi, h. 1416 (22). Derifrå mot vest over høgdene 1572 (23) og 1693 (24) til knekkpunkt for statsallmenningsgrensa søraust for Storekvelven (25). Grensa følgjer statsallmenningsgrensa nordnordvest til neste knekkpunkt (26) og derifrå til austsida av Trossortjønni (27) og fram til punkt (28) i Middalen ca 1000 m nordaust for Middalsbu turisthytte. Derifrå vestnordvestover til sørenden av Vivassvatnet (29) og fram til Sandskarnuten h. 1382 (30) på statsallmenningsgrensa. Grensa følgjer statsallmenningsgrensa sørvestover til knekkpunkt h. 1346 (31). Derifrå går grensa vestnordvestover til Reinsnosi h. 1639 (32), derifrå nordnordvest til vestsida og utlaupet av Svartavatnet (33) fram til Ruvjenuten h. 1120 (34). Derifrå går grensa mot nord til knekkpunkt (35) for statsallmenningsgrensa nordvest for Berrvassdalen og følgjer statsallmenningsgrensa nordover til nytt knekkpunkt h. 1448 (36). Grensa går så nordaustover til Ruklenuten h. 1608 (37) og austnord-austover fram til nordenden av Hattasteinsvatnet (38). Derifrå går grensa nordaustover til austenden av Breidavatn (39) og nordover til Sæto h. 1460 (40). Derifrå går grensa nordaustover til nordenden av Kvannanuttjønni (41) og austenden av øvre Håvardsvatnet (42). Grensa går vidare mot nord til austenden av nedre Nonskardvatnet (43). Derifrå nordvestover til sørenden av Nonskardvatnet (44) og nordvestover til Selhæ h. 1526 (45) og nordnordvestover til austenden av vesle Tyssevatn (46). Grensa går så nordvestover til Treshøgdi h. 1681 og vidare til Rossavarden h. 1400, derifrå vestnordvestover langs statsallmenningsgrensa til knekkpunkt ved nordaustenden av Yskjevatn (48), og nordnordvestover langs Røvelseggi til punkt h. 1410 (49). Grensa går vidare nordnordaustleg til punkt h. 1072 (50) aust for Middagsnuten og vidare nordover til punkt h. 1197\* (51) vest for Kjølevatni og derifrå nordaustleg til terskel og inntak for Råi Kraftstasjon (52) i Husedalen og vidare i same retning til Errunuten h. 1304 (53). Derifrå går grensa austover til Brottefonnshove h. 1433 (54) og Sovarenuten h. 1648 (55), vidare søraustleg til Fagranuten h. 1459 (56), Blyberg h. 1197 (57) og ned til punkt der Vivo går ut i Veigvassdraget (58). Derifrå går grensa austnord-austover opp til Fljotdalsfjell h. 1301 (59) og nordaustover til Fruo h. 1196 (60) og derifrå austnord-aust til Kistenuten h. 1135 (61). Grensa går vidare i søraustleg retning til store Bjoreinuten h. 1280 (62) og ned til Høgahæ h. 1408 (63). Vidare går grensa austover til Trondbunuten h. 1344 (64) og Hyttehaugen h. 1321 (65). Derifrå nordaustover til Nibbennuten h. 1352 (66) og austover til Skyttarbuho vda h. 1267 (67). Grensa går derifrå nordover til ho i eit punkt møter grensa mellom kommunane Hol og Nore og Uvdal på aust-

\* Rett høgd for pkt 51 er 1179 og ikkje 1197 som det står på kartet.

sida av øvre Hein (68). Derifrå går grensa austnord-  
 over til store Grønenuten h. 1384 (69) og vidare til ut-  
 gangspunktet Bjordalshøgden h. 1251 (1).

Dei nøyaktige grensene skal oppmerkjast i marka og då hovud-  
 sakleg ved markering av grensepunkta. Grensene er innteikna  
 på eit kart i målestokk 1:100 000 datert Miljøverndeparte-  
 mentet mars 1981. Kartet vert oppbevart i kommunane, hjå  
 fylkesmennene, skogforvaltninga og Miljøverndepartementet.  
 Kartet svarar til følgjande kart i M 711-serien (1:50 000):  
 1314 I Røldal, 1315 I Ullensvang, 1315 II Ringedalsvatn,  
 1414 I Songevatn, 1414 IV Haukelisæter, 1415 I Bjoreio,  
 1415 II Nordmannslågen, 1415 III Hårteigen, 1415 IV Eidfjord,  
 1416 II Hardangerjøkulen, 1416 III Myrdal, 1514 I Frøystul,  
 1514 IV Møsstrand, 1515 I Skurdalen, 1515 II Kalhovd, 1515  
 III Lågaros, 1515 IV Hein, 1516 III Hallingskarvet.

## II. REGLAR

### 1. Føremål.

Føremålet med Hardangervidda nasjonalpark er å verne ein del  
 av eit særleg verdfullt høgfjellsområde på ein slik måte  
 at landskapet med planter, dyreliv, natur- og kulturminne og kulturmiljøet  
 elles vert bevart, samstundes som området skal kunne nyttast  
 for landbruk, friluftsliv og naturoppleving, jakt og fiske  
 og undervisning og forskning.

### 2. Rettstilhøve.

Grunneigarar og andre rettshavarar skal framleis ha eige-  
 domsrett og bruksrett i nasjonalparken, og kan nytte rettane  
 i den grad det ikkje kjem i strid med desse reglane. Det  
 same gjeld bruk av a menningsrettar etter fjellova. Der  
 vernereglane gjev løyve til bruk, gjeld dette berre i høve  
 til vernet og gjev ikkje løyve til bruk eller utnytting i  
 strid med rettar eller lovreglar.

### 3. Forvaltning.

Desse reglane vert forvalta av Miljøverndepartementet,  
 Direktoratet for statens skoger og tilsynsutval oppnemnde  
 av kommunane. Dessutan skal det velgjast eit råd for Har-  
 dangervidda.

Søknader om dispensasjon frå dei vernereglane som skal hand-  
 samast av tilsynsutvalet og som er nemnd i punkt 3.2. a til d,  
 skal sendast direkte til tilsynsutvalet i kommunen. Søknader  
 om dispensasjon frå andre vernereglar skal sendast til skog-  
 forvaltaren.

Andre lovar og reglar enn nasjonalparkreglane vert for-  
 valta av vedkommande styresmakt, så som kommunestyre,  
 fjellstyre, viltnemnd, innlandsfiskenemnd, landbruksnemnd og  
 bygningsråd.

### 3.1. Direktoratet for statens skoger (DSS)

Miljøverndepartementet fastset dei oppgåvene som skal utførast av DSS og dei vernereglane som DSS skal vere forvaltningsstyresmakt for.

### 3.2. Tilsynsutval.

For kvar kommune som har areal i nasjonalparken, skal det velgjast eit tilsynsutval for den del av nasjonalparken som ligg i vedkommande kommune. Ved val av tilsynsutval skal kommunen syte for at naturverninteressene, friluftinteressene, landbruksinteressene og jakt- og fiskeinteressene vert representerte i utvalet. Tilsynsutvalet skal ha leiar, nestleiar og 3 - 5 medlemmer, alle med varamedlemmer. Organisasjonar med interesser i nasjonalparken skal gjevast høve til å gjere framlegg om medlemmer i utvalet.

Ligg det private eigedomar i nasjonalparken skal kommunestyret syte for at ein av medlemmene vert valt blant dei som er jordbrukarar med privat eigedom i verneområdet. Er det statsalmenning i verneområdet skal ein medlem verte valt blant dei som har rett til almenningsbruk i almenningen som jordbrukar.

Kommunestyret kan velja dei som sit i fjellstyret som medlemmer i tilsynsutvalet om dei fyller krava nemnd ovafor.

Tilsynsutvalet skal følgje med i utviklinga i sin del av nasjonalparken og gje råd og uttale i saker som vedkjem forvaltninga av denne.

Vernereglane er gjevne i punkt 4. Tilsynsutvalet er forvaltningsstyresmakt for følgjande delar av vernereglane:

- a) Utforming av ombygging etter punkt 4.1.2.d og lokalisering og utforming av husvære etter punkt 4.1.2.e
- b) Nydyrking, sperregjerde for beitedrifter, oppføring av naudsynte husvære med uthus i landbruket etter punkt 4.1.3.a og naudsynte tiltak for jakt- og fiskeføring etter punkt 4.1.3.b. Unnateke er oppføring av jakt- og fiskebuer.
- c) Motorferdsle og motorisert transport etter punkt 4.5.3. Kommunestyret kan likevel leggje avgjerd om motorferdsle i nasjonalparken til formannskapet eller det utvalde handsamar reglane om motorferdsle i kommunen. Dette utvalet skal sende kopi av alle vedtak til tilsynsutvalet og skogforvaltaren.



- d) Idrettsarrangement og organisert leirverksemd etter pkt. 4.7.b.

Tilsynsutvalet kan verte forvaltningsstyresmakt for andre tiltak og anna verksemd etter nærare avgjerd frå departementet.

Tilsynsutvala skal straks melde frå til Direktoratet for Statens skoger v/skogforvaltaren om dei vedtak utvalet fattar. Skogforvaltaren kan påklage vedtaka til tilsynsutvala.

### 3.3. Rådet for Hardangervidda

Kongen skal nemne opp eit Råd for Hardangervidda samansett av leiar, nestleiar og ein representant fra kvar av kommunane \*, Landbruksdepartementet, Miljøverndepartementet, fylkesmennene i fylka Buskerud, Hordaland og Telemark, og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, Norges Naturvernforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund og Norske Turistforeningers Forbund. Alle peiker sjølv ut sine representantar.

Rådet skal ha følgjande oppgåver i nasjonalparkområdet:

- a) Følgje med utviklinga m.a. på grunnlag av årsrapportar fra skogforvaltninga,
  - b) gje slik fråsegn til departementet, skogforvaltninga og tilsynsutvala som rådet finn grunn til, og
  - c) uttale seg om saker som vert lagt fram for det av departementet eller skogforvaltninga.
- Direktoratet for Statens skoger v/skogforvaltninga skal vere sekretær for Rådet.

### 3.4. Nærare reglar for forvaltningsorgana

Departementet kan fastsetje nærare reglar for forvaltningsorganas utøving av myndighet og arbeid elles.

## 4. VERNEREGLAR

### 4.1. Landskapet

- 4.1.1. Landskapet skal vere verna mot utbyggingar, anlegg og andre inngrep av alle slag, medrekna vegbygging, nydyrking, bergverksdrift, massetak, vassdragsreguleringar, framføring av kraft- og telefonliner, taubanar, heisar, flyplassar og oppføring av bygningar. Kulturminne må ikkje påførast skade. Det er heller ikkje tillate å utføre forundersøkingar for tekniske inngrep.

\* Jfr. kgl.res. av 10. april 1981.

4.1.2. Reglane under pkt.4.1.1. skal ikkje vere til hinder for:

- a) Vedlikehald av eksisterande turistruter, driftevegar og andre vegar, så som bygging av naudsynte klopper og bruer, når dette ikkje krev sprenging eller gravearbeid som det skal nyttast maskinelt utstyr til,
- b) naudsynt inngjerding av dyrkingsområde og samle-  
kveer,
- c) naudsynt merking og kvisting av ski og turistløyper, der dette er gjort tidlegare,
- d) naudsynt vedlikehald og mindre ombygging av husvære og uthus, (utføringa ved ombygging må godkjennast av tilsynsutvalet, sjå pkt. 3.2. a)
- e) at grunneigarar med stølsrett skal ha rett til, for eigen bruk, å føre opp eit husvære med uthus for jakt og fiske, på eigen grunn eller i sameige, dersom det gardsbruket som stølsretten er knytta til, er i drift og gardsbruket pr. 1/6-81 ikkje hadde slikt husvære. Eit gardsbruk er i drift når det har meir enn 5 då årleg dyrka mark og jorda ikkje er forpakta bort. Lokalisering og utforming skal godkjennast av tilsynsutvalet (sjå pkt. 3.2.a.).
- f) at fjellstyret oppfører naudsynte jakt- og fiskebuer og naust til eige bruk i samsvar med § 35 i fjelllova.

4.1.3. Forvaltningsstyremakta kan gjeve løyve til:

- a) naudsynte tiltak i landbruket som elles ikkje er tillatne etter desse reglane, så som nydyrking, bygging av husvære med uthus, og sperregjerde for beitedrifter (sjå pkt. 3.2.b.), og anlegg av vegar for jordbruket, taubanar, telefon og kraftliner,
- b) naudsynte tiltak for jakt- og fiskerøring. Oppføring av jakt- og fiskebuer kan berre skje når det er naudsynt for gardsbruk i drift og i andre særlege høve,
- c) merking, herunder kvisting, av nye eller omlegging av opparbeida turistruter og -løyper (sjå pkt. 4.7.c.), naudsynt bygging og drift av turisthytter og tiltak i samband med dette,

Det kan setjast vilkår for løyvet.

## 4.2. Dyrelivet

### 4.2.1.

Ville dyr og deira buplass, hi, reir og egg skal vere freda mot skade, øydelegging og unødig uro av alle slag, mellom anna fotografering og anna uro i yngletida.

### 4.2.2.

Det er tillate med jakt som ellers er lovleg på elg, rein, hjort, rådyr, hare, raudrev, mink, rype, kråke, ramn, skjære, fiskemåse, stokkand, krikkand, skogsfugl og fangst av smågnagarar.

Reglane etter viltlova om retten til å forfølgje og avlive skada vilt, gjeld.

### 4.2.3.

Bjørn, ulv, jerv og gaupe kan avlivast når dette er naudsynt for å fjerne aktuell og monaleg fare for skade på person, eller under direkte åtak på bufe. Kongeørn kan og fellast under direkte åtak på bufe. Felling av rovvilt etter denne regelen skal straks meldast til politi og viltneemd. Miljøverndepartementet, eller den som departementet gjev fullmakt, kan

- gje løyve til å redusere bestandar som er freda etter desse reglane for å oppretthalde den økologiske balansen i området.
- og gje løyve til å felle einskilddyr av bjørn, jerv og gaupe om dei i delar av parken gjer vesentleg skade på bufe, men berre dersom vedkommande dyrestamme kan tåle det.

### 4.2.4.

Hundar må ikkje sleppast laus i området.

Unnteke er bruk av hund til jakt og gjeting og sanking av beitedyr og i politi- og fjellsikringsteneste.

### 4.2.5.

Nye, ville dyrearter må ikkje innførast.

### 4.2.6.

Fiske er tillate etter dei reglane som gjeld for fiske i området.

## 4.3. Plantelivet

### 4.3.1

Planter, også levande og daude tre og buskar, skal vere freda mot skade og øydelegging av alle slag som ikkje følgjer av vanleg ferdsle og jordbruk. Om ein ikkje tek med rota, kan ein plukke planter som ikkje er særskilt freda. Ein kan óg sanke sopp og bær.

## 4.3.2.

Reglane i pkt. 4.3.1. skal ikkje vere til hinder for å ta bjørk vier, brisk, gran og furu til bruk i området om dette ikkje fører til nemnande skade på den lokale bestand, for andre artar eller gjev endringar i landskapsbilete. Torv kan nyttast til taktekkjing i området. Turre furuer og hole tre som kan tene som buplass for fuglar, må ikkje fellast.

## 4.3.3.

Nye, ville planteartar må ikkje innførast.

4.4. Geologiske førekomster

Det er forbode å bryte laus stein, mineraler eller fossiler for samleføremål eller sal. Det same gjeld uttak av slikt lausmateriale for sal.

4.5. Motorferdsle

## 4.5.1.

Motorferdsle til lands og på vatn og landing med luftfarty er forbode unnateke til ambulanse-, rednings-, brannvern-, veterinær- og polititeneste og i særskilde høve for offentleg teleteneste og el-forsyning.

## 4.5.2.

Forbodet gjeld ikkje motorferdsle

- a) med luftfarty og båt i samband med stølsdrift, slepp, tilsyn og sanking av beitedyr, og
- b) med beltekøyrety på vinterføre for transport av mat, utstyr og betjening til og frå turisthytter, og for kvisting og staking av skiløyper, (sjå og pkt. 4.1.3.c.).

## 4.5.3.

Forvaltningsstyresmakta (sjå pkt. 3.2.c.) kan dessutan etter søknad for einskilde tilfelle eller ved vedtekt, som skal godkjennast av Miljøverndepartementet, gje løyve til:

- a) anna naudsynt transport i samband med jordbruksdrift, storviltjakt, garnfiske, fiskepleie og turisthyttedrift. Det same gjeld naudsynt transport av materialer, utstyr og brensel o.l. til hytter og buer, og andre naudsynte transportoppdrag. For traktor kan det berre gjevast løyve til køyring etter faste eller særleg oppgjevne ruter.
- b) transport av gamle og uføre som har ei særleg tilknytning til nasjonalparkområdet.

4.6. Forureining m.v.

## 4.6.1.

Det er ikkje tillate å forsøple naturen. Avfall skal brennast eller takast med ut av området. Forsvarleg nedgraving av

materiale som rotnar er tillate. Ved dei fasteovernattingskvartera er det òg tillate med ei forsvarleg nedgraving av anna materiale.

#### 4.6.2.

Det må ikkje nyttast kjemiske plantevernmiddele som kan verke inn på dei naturgitte tilhøva.

#### 4.7. Ferdsle m.v.

- a) Alle skal oppføre seg omsynsfullt og varsamt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyreliv eller beitedyr eller veretil ulempe for andre.
- b) Idrettsarrangement og organiserte teltleirar må ha særskilt løyve fra tilsynsutvalet, sjå pkt. 3.2.d.
- c) Dersom omsynet til natur eller kulturminne tilseier det, kan forvaltningsstyresmakta syte for at opparbeida turist-ruter og -løyper vert omlagde eller nedlagde.
- d) Ænnafor nærare avgrensa delar av nasjonalparken kan departementet forby all slags ferdsle heile året eller ein del av året når ein reknar det naudsynt for å verne naturmiljøet, plante- eller dyrelivet eller geologiske førekomstar. Regelen gjeld ikkje ferdsle for politi-, brannvern-, ambulansse eller redningstjeneste.

#### 5. GENERELLE REGLAR OM UNNTAK

Departementet kan gjere unntak frå reglane i pkt. 4

- for tiltak ut fra vesentlege samfunnsmessige omsyn,
- for vitskapelege føremål til visse personar eller institusjonar,
- når føremålet med fredinga krev det,
- i særlege tilfelle når det ikkje er i strid med føremålet med nasjonalparken.

VERNEREGLAR FOR SKAUPSJØEN/HARDANGERJØKULEN LANDSKAPS-  
VERNOMRÅDE.

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63 § 5, jfr. § 6, og §§ 21, 22 og 23, er det ved kgl.res. av 10.april 1981 fastsett at eit område i kommunane Eidfjord og Ulvik i Hordaland fylke og i kommunane Hol og Nore og Uvdal i Buskerud fylke skal leggjast ut som landskapsvernopråde med namnet Skaupsjøen/Hardangerjøkulen landskapsvernopråde i tilknytting til Hardangervidda nasjonalpark.

I. STORLEIK OG GRENSAR

Landskapsvernoprådet omfattar delar av statsallmenningane Eidfjord, Ulvik og Øvre Numedal og delar av følgjande gnr./bnr.:

Eidfjord kommune: Gnr./bnr. 26/1,2,3,4,5,6,7,8 - 27/1,2,3,4,5 - 28/1,2,3,4,5,6,7,8.

Hol kommune: Gnr./bnr. 44/2,6,17 - 45/1 - 46/1 - 47/2,3,23 - 48/1 - 49/4,15 - 50/1 - 51/1,3,4 - 52/1,3,6,8,10,13,188,364 - 53/4 - 54/1,3 - 55/1,2,4,5,7,8,53 - 56/1,2,4,6 - 57/1,3,6,7,16 - 58/3,7 - 59/1,2,5,15 - 60/2,5,7,9,17 - 61/1,5,6 - 62/4 - 63/1,3 - 64/1,2,3,7,8,12 - 64/1 - 66/1,6,19,93 - 67/1,2,4,5,6 - 68/1,5 - 69/2,14 - 70/1 - 71/1 - 72/1,2,3,5 - 76/1 - 77/1 - 78/1 - 79/1 - 80/1 - 81/1,3,4 - 82/1,2 - 83/1,2 - 84/1 - 85/1 - 86/1 - 87/18 - 88/1 - 89/1 - 90/1 - 91/1,5 - 92/1,2,3 - 93/1.

Nore og Uvdal kommune: Gnr.bnr. 30/2 - 36/1 - 38/1 - 41/3 - 45/1,3.

Det samla areal for landskapsvernoprådet er ca 559 km<sup>2</sup>. Av dette ligg 387 km<sup>2</sup> i Hordaland fylke og 172 km<sup>2</sup> i Buskerud fylke.

Landskapsvernoprådet har følgjande grenser:

Grensa tek utgangspunkt på store Grønenuten h. 1384 (69) i Hol kommune og går nordvestover til Krekkjaheii h. 1335 (70). Derifrå går grensa nord-nordvestover til utlaupet av Grøna i Lågreidvatnet (71) og følgjer vestbredden av Ørterenmagasinet (Lågreidvatn, Ørteren og ned. Trestiklan) ved h.r.v. 1146,0 til nordlegaste breidd av nedre Trestiklan (72). Grensa går vidare mot nord-nordvest fram til Bergsmulen h. 1496 (73) og følgjer derifrå fylkesgrensa mellom Buskerud og Hordaland fram til h. 1470 (74) nordvest for Bergsmulnut. Derifrå vest-nordvestleg til store Hansbunuten h. 1476 (75) og nordover til lille Hansbunuten h. 1367 (76). Grensa går vidare nordaustover til Ustekveikja der Tveraa munnar ut (77) og følgjer det nordlegaste laup tilvassdraget til utlaupet av Ustekveikja i Finsevatnet (78) og følgjer vassdraget i same retning til vestenden av Ustekveikvatn (79). Derifrå nordvestover til Memorge, h. 1412 (80) og så syd-

vestover til Brakanut h. 1311 (81) og sørover langs grensa for statsallmenninga til Luranuten h. 1637 (82). Grensa går vidare syd-sydvestover ca 1200 meter i retning av Rembesdalseter langs ein morenerygg, og går i enden av denne (83) søraustover til Moldnut h. 1270 (84) og vidare til store Tresnut h. 1672 (85) der ein kjem inn på grensa til statsallmenninga att. Grensa følgjer så statsallmenningsgrensa sydaustover til knekkpunkt ved h. 1569 (86) sydvest av vesle Leirbotnskåki. Derifrå går grensa sydaust til vestenden av Leirvatnet (87) og vidare til Smyttenutane h. 1214 (88). Grensa går så sydaustover til punkt der statsallmenningen har knekkpunkt sydaustover i Kjeldovassdraget (89). Derifrå følgjer grensa statsallmenningsgrensa ned til Steinbunuten h. 1371, Hella blå, Håsteinen og til slutt Hyttehaugen h. 1321 (65). Derifrå går grensa nordaustover saman med nasjonalparkgrensa til Nibbesnuten h. 1325 (66) og austover til Skyttarbuhoalda h. 1267 (67). Grensa går derifrå nordover til ho i eit punkt møter grensa mellom kommunane Hol og Nore og Uvdal på austbredden av øvre Hein (68). Derifrå går grensa aust-nordaustover attende til utgangspunktet store Grønenuten h. 1384 (69).

Dei nøyaktige grensene skal oppmerkjast i marka og då hovudsakleg ved markering av grensepunkta. Grensene er innteikna på eit kart i målestokk 1:100 000 datert Miljøverndepartementet mars 1981. Kartet blir oppbevart i kommunane, hjå fylkesmennene, skogforvaltninga og i Miljøverndepartementet. Kartet svarar til følgjande kart i M 711-serien (1:50 000): 1314 I Røldal, 1315 I Ullensvang, 1315 II Ringedalsvatn, 1414 I Songevatn, 1414 IV Haukelisæter, 1415 I Bjoreio, 1415 II Nordmannslågen, 1415 III Hårteigen, 1415 IV Eidfjord, 1416 II Hardangerjøkulen, 1416 III Myrdal, 1514 I Frøystul, 1514 IV Møsstrand, 1515 I Skurdalen, 1515 II Kalhovd, 1515 III Lågaros, 1515 IV Hein, 1516 III Hallingskarvet.

## II REGLAR

### 1. Føremål

Føremålet er å verne eit særmerkt og vakkert naturlandskap med mange kulturminne i tilknytning til Hardangervidda nasjonalpark.

### 2. Rettstilhøve

Grunneigarar og andre rettshavarar skal framleis ha eigedomsrett og bruksrett i landskapsvernområdet og kan nytte rettane i den grad det ikkje kjem i strid med desse reglane. Det same gjeld bruk av allmenningrettar etter fjellova. Der vernereglane gjev løyve til bruk, gjeld dette berre i høve til vernet og gjev ikkje løyve til bruk eller utnytting i strid med rettar eller lovreglar.

### 3. Forvaltning

Desse reglane vert forvalta av Miljøverndepartementet, Direktoratet for statens skoger og tilsynsutval oppnemnde av kommunane. Dessutan skal det velgjast eit råd for Hardangervidda.

Søknader om dispensasjon frå dei vernereglane som skal handsamast av tilsynsutvalet og som er nemnd i punkt 3.2.a og b, skal sendast direkte til tilsynsutvalet i kommunen. Søknader om dispensasjon frå andre vernereglar sendast til skogforvaltaren.

Andre lover og reglar enn vernereglane vert forvalta av vedkommande styresmakt, så som kommunestyre, fjellstyre, vilt-nemnd, innlandsfiskenemnd, landbruksnemnd og bygningsråd.

#### 3.1. Direktoratet for statens skoger (DSS).

Miljøverndepartementet fastset dei oppgåvene som skal utførast av DSS og dei vernereglane som DSS skal vere forvaltningsstyresmakt for.

#### 3.2. Tilsynsutval.

For kvar kommune som har areal i landskapsvernområdet, skal det velgjast eit tilsynsutval for den del av landskapsvernområdet som ligg i vedkommande kommune. Tilsynsutvalet skal ha leiar, nestleiar og 3-5 medlemmer, alle med varamedlemmer. Det skal vere same tilsynsutval for nasjonalparken og landskapsvernområdet.

Ved val av tilsynsutval skal kommunen syte for at naturverninteressene, friluftinteressene, landbruksinteressene og jakt- og fiskeinteressene vert representerte i utvalet. Organisasjonar med interesser i landskapsvernområdet skal gjevast høve til å gjere framlegg om medlemmer i utvalet.

Ligg det private eigedomar i landskapsvernområdet, skal kommunestyret syte for at ein av medlemmene vert valt blant dei som er jordbrukarar med privat eigedom i verneområdet. Er det statsallmenning i verneområdet skal ein medlem verte valt blant dei som har rett til allmenningsbruk i allmenningen som jordbrukar.

Kommunestyret kan velgja dei som sit i fjellstyret som medlemmer i tilsynsutvalet, om dei fyllar ovannemnde krav.

Tilsynsutvalet skal følgje med i utviklinga i sin del av landskapsvernområdet og gje råd og uttale i saker som vedkjem forvaltninga av dette.



Vernereglane er gjevne i punkt 4. Tilsynsutvalet er forvaltningsstyresmakt for følgjande delar av vernereglane:

- a) Utforming av ombygging etter punkt 4.1.2.d og lokalisering og utforming av husvære etter punkt 4.1.2.e.
- b) Nydyrking, sperregjerde for beitedrifter, oppføring av naudsynte husvære med uthus i landbruket etter punkt 4.1.3.a og naudsynte tiltak for jakt- og fiskenæring etter punkt 4.1.3.b. Unnatekne er likevel oppføring av jakt- og fiskebuer.

Tilsynsutvalet kan verte forvaltningsstyresmakt for andre tiltak og anna verksemd etter nærare avgjerd frå departementet.

Tilsynsutvala skal straks melde frå til DSS ved skogforvaltaren om dei vedtak utvalet fattar. Skogforvaltaren kan påklage vedtaka til tilsynsutvala.

### 3.3. Rådet for Hardangervidda

Kongen skal nemne opp eit Råd for Hardangervidda samansett av leiar, nestleiar og ein representant frå kvar av kommunane,\* Landbruksdepartementet, Miljøverndepartementet, fylkesmennene i fylka Buskerud, Hordaland og Telemark, og Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, Norges Naturvernforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund og Norske Turistforeningers Forbund. Alle peiker sjølv ut sine representantar.

Rådet for Hardangervidda skal ha følgjande oppgåver i landskapsvernområdet:

- a) følgje med utviklinga m.a. på grunnlag av årsrapportar frå skogforvaltninga,
- b) gje slik fråsegn til departementet, skogforvaltninga og tilsynsutvala som rådet finn grunn til, og
- c) uttale seg om saker som vert lagd fram for det av departementet eller skogforvaltninga.

Direktoratet for statens skoger ved skogforvaltninga skal vere sekretær for Rådet.

### 3.4. Nærare reglar for forvaltningsorgana.

Departementet kan fastsetje nærare reglar for forvaltningsorganas utøving av myndighet og arbeid elles.

\* Jfr. kgl.res. av 10. april 1981 om skipinga av Hardangervidda nasjonalpark.

## 4. VERNEREGLAR

### 4.1. Landskapet

#### 4.1.1.

Landskapet skal vere verna mot tiltak som vesentlig kan endra landskapet sin art eller karakter, så som vegbygging, nydyrking, bergverksdrift, massetak, vassdragsreguleringar, framføring av kraft- og telefonlinjer, taubaner, heisar, flyplassar og oppføring av bygningar. Kulturminne må ikkje påførast skade.

#### 4.1.2.

Reglane under punkt 4.1.1. skal ikkje vere til hinder for:

- a) vedlikehald av eksisterande turistruter, driftvegar og andre vegar, så som bygging av naudsynte klopper og bruer, når dette ikkje krev sprenging eller gravearbeid som det skal nyttast maskinelt utstyr til,
- b) naudsynt inngjerding av dyrkingsområde og samlekveer,
- c) naudsynt merking og kvisting av ski- og turistløyper, der dette er gjort tidlegare,
- d) naudsynt vedlikehald og mindre ombygging av husvære og uthus (utforminga ved ombygging må godkjennast av tilsynsutvalet, sjå punkt 3.2.a),
- e) at grunneigarar med stølsrett skal ha rett til, for eigen bruk, å føre opp eit husvære med uthus for jakt og fiske, på eigen grunn eller i sameige, dersom det gardsbruket som stølsretten er knytta til er i drift, og gardsbruket pr 1. juni 1981 ikkje hadde slikt husvære. Eit gardsbruk er i drift når det har meir enn 5 dekar årleg dyrka mark og jorda ikkje er forpakta bort. Lokalisering og utforming skal godkjennast av tilsynsutvalet (sjå punkt 3.2.a).
- f) at fjellstyret oppfører naudsynte jakt- og fiskebuer og naust til eige bruk i samsvar med § 35 i fjellova.

Alle skal oppføre seg omsynsfullt og varsamt for ikkje å skade natur- og kulturverdiane eller vere til ulempe for andre. Det er ikkje tillate å forsøple naturen.

#### 4.1.3.

Forvaltningsstyresmakta kan gjeve løyve til:

- a) naudsynte tiltak i landbruket som elles ikkje er tillatne etter desse reglane, så som nydyrking, bygging av husvære med uthus, og sperregjerde for beitedrifter (sjå punkt 3.2.b), og anlegg av vegar for jordbruket, taubaner, telefon-og kraftliner,

- b) naudsynte tiltak for jakt- og fiskenæring. Oppføring av jakt- og fiskebuer kan berre skje når det er naudsynt for gardsbruk i drift og i andre særlege høve,
- c) merking, herunder kvisting, av nye eller omlegging av opparbeida turistruter og -løyper, naudsynt bygging og drift av turisthytter og tiltak i samband med dette.

Det kan setjast vilkår for løyvet.

#### 5. GENERELLE REGLAR OM UNNTAK

Departementet kan gjere unntak frå reglane i punkt 4

- for tiltak ut frå vesentlege samfunnsmessige omsyn,
- for vitskapelege føremål til visse personar eller institusjonar,
- når føremålet med fredinga krev det,
- i særlege tilfelle når det ikkje er i strid med føremålet med landskapsvernområdet.

VERNEREGLAR FOR MØSVATN AUSTFJELL LANDSKAPSVERNOMRÅDE MED FUGLELIVSFREDNING I NEDRE DEL AV NEDSLAGSFELTET TIL HONDLEVASSDRAGET

I medhald av lov om naturvern av 19. juni 1970 nr 63 §§ 5 og 14, jfr. § 6 og §§ 21, 22 og 23, er det ved kgl.res. av 10.april 1981 fastsett at eit område i tilknytning til Hardangervidda nasjonalpark i kommunane Tinn og Vinje i Telemark fylke skal leggjast ut som landskapsvernområde med namnet Møsvatn Austfjell landskapsvernområde, og som skal ha ei fuglefredning i nedre del av nedslagsfeltet til Hondlevassdraget.

I. STORLEIK OG GRENSER

Landskapsvernområdet omfattar delar av følgjande gnr./bnr.:

Vinje kommune: Gnr./bnr. 164/1,2,3,5,11,13,15,16 - 167/1,2 - 168/1,4,5.

Tinn kommune: Gnr./bnr. 69/3 - 78/8 - 87/2,6,7 - 89/1,4 - 90/1 - 91/8 - 92/4 - 93/6,8 - 95/5 - 108/7 - 109/1 - 110/1,7 - 112/1,2 - 113/1,2,3,4 - 114/2,6 - 116/2,3 - 117/11 - 118/2,3,8,13,16 - 119/9 - 121/4 - 122/5,10,68 - 123/2,102 - 124/5,9,13 - 136/7 - 137/10,11,13 - 138/2,8.

Det samla areal for landskapsvernområdet er ca 306 km<sup>2</sup>. Av dette ligg omlag 105 km<sup>2</sup> i Vinje kommune og 201 km<sup>2</sup> i Tinn kommune. Området der fuglelivet er freda ligg i Tinn kommune og er ca 4,5 km<sup>2</sup>.

Landskapsvernområdet har følgjande grenser:

Grensa tek utgangspunkt på Hyttenutan h. 1450 (12) i Vinje kommune og går derifrå søraustover til austre Vinikyrkja h. 1325 (90). Derifrå går grensa vidare til Gjuvikfjell h. 1571 (91) og så sør-søraustover i rett line ned til sørspissen av Tuddøltjønn (92) og følgjer vasskanten fram til utlaupet av vatnet (93). Grensa held fram i aust-søraustleg retning til sørenden av Flottetjønn (94) og vidare sør-søraustleg ned til Vetrhusfjell h. 1113 (95) og Kokenut (Kokarnut) h. 1086 (96). Derifrå søraustover i rett line ned til Hondlevassdraget sitt utlaup i Svingling på grensa mellom kommunane Tinn og Vinje (97). Grensa går så nord-austover til punkt h. 949 (98) eit par hundre meter sør-søraust for søraustlegaste breidd i Finnerotjern og nord-austover til punkt h. 1124 (99) like nord-nordvest for Listøl og vidare til Vigfithøgd h. 1285 (100) og til Nøtingshovd h. 1341 (101) og nord-nordvestover fram til Lostjønnut h. 1336 (102). Grensa går vidare nordvestover til vestlegaste breidd av Stuttostjønn (103) og vidare vest-nordvest fram til der Saurbekk går ut i Gøystavatn (104). Derifrå går grensa nordvestover over Skardfjell fram til h. 1488 (105),

derifrå nord-nordvest til austenden av Ongelbutjørne (106) og vidare nordvestover til Holabrotet h. 1187 (107). Grensa går så vidare nordvestover fram til Stordalsnutan h. 1444 (11) og attende sørvestover til utgangspunktet på Hyttenutan h. 1450 (12) langs nasjonalparkgrensa.

Området med særskilde vernereglar for fuglelivet har følgjande grenser:

Grensa følgjer grensa for landskapsvernområdet frå det punkt mellom 96 og 97 der denne krysser nordvestre strandbreidd på det lille vatnet vest for nordenden av Steinar-tjern, fram til punkt 98. Herfra vinkler grensa nordnord-austover til markert topp aust for Finnerotjern, herifrå i rett line nord-nordvestover til møte mellom to bekkar ca 400 meter rett vest for Merakkseter, herfra i rett line vest-nordvestover til brua over Hondle aust for Grønliseter, deretter i rett line fram til utgangspunktet mellom punktene 96 og 97 i grensa for landskapsvernområdet.

Dei nøyaktige grensene skal oppmerkjast i marka og då hovudsakleg ved markering av grensepunkta. Grensene er innteikna på eit kart i målestokk 1:100 000 datert Miljøverndepartementet mars 1981. Kartet blir oppbevart i kommunane, hjå fylkesmennene, skogforvaltninga og i Miljøverndepartementet. Kartet svarar til følgjande kart i M 711-serien (1:50 000): 1314 I Røldal, 1315 I Ullensvang, 1315 II Ringedalsvatn, 1414 I Songevatn, 1414 IV Haukelisæter, 1415 I Bjoreio, 1415 II Nordmannslågen, 1415 III Hårteigen, 1415 IV Eidfjord, 1416 II Hardangerjøkulen, 1416 III Myrdal, 1514 I Frøystul, 1514 IV Møsstrand, 1515 I Skurdalen, 1515 II Kalhovd, 1515 III Lågaros, 1515 IV Hein, 1516 III Hallingskarvet.

## II. REGLAR

### 1. FØREMÅL

Føremålet er å verne eit særmerkt og vakkert natur- og kulturlandskap med mellom anna eit variert dyreliv, med kulturminne og til dels med sær urørte naturområde i tilknytning til Hardangervidda nasjonalpark.

### 2. RETTSTILHØVE

Grunneigarar og andre rettshavarar skal framleis ha eigedomsrett og bruksrett i landskapsvernområdet og kan nytte rettane i den grad det ikkje kjem i strid med desse reglane. Det same gjeld bruk av almenningsrettar etter fjellova. Der vernereglane gjev løyve til bruk, gjeld dette berre i høve til vernet og gjev ikkje løyve til bruk eller utnytting i strid med rettar eller lovreglar.

### 3. FORVALTNING

Desse reglane vert forvalta av Miljøverndepartementet, Direktoratet for statens skoger og tilsynsutval oppnemnde av kommunane. Dessutan skal det velgjast eit råd for Hardangervidda.

Søknader om dispensasjon frå dei vernereglane som skal handsamast av tilsynsutvalet og som er nemnd i punkt 3.2.a og b, skal sendast direkte til tilsynsutvalet i kommunen. Søknader om dispensasjon frå andre vernereglar sendast til skogforvaltaren.

Andre lover og reglar enn vernereglane vert forvalta av vedkommande styresmakt, så som kommunestyre, fjellstyre, vilt-nemnd, innlandsfiskenemnd, landbruksnemnd og bygningsråd.

#### 3.1. Direktoratet for statens skoger (DSS)

Miljøverndepartementet fastset dei oppgåvene som skal utførast av DSS og dei vernereglane som DSS skal vere forvaltningsstyresmakt for.

#### 3.2. Tilsynsutval

For kvar kommune som har areal i landskapsvernområdet, skal det velgjast eit tilsynsutval for den del av landskapsvernområdet som ligg i vedkommande kommune. Tilsynsutvalet skal ha leiar, nestleiar og 3-5 medlemmer, alle med varamedlemmer. Det skal vere same tilsynsutval for nasjonalparken og landskapsvernområdet.

Ved val av tilsynsutval skal kommunen syte for at naturverninteressene, friluftinteressene, landbruksinteressene og jakt- og fiskeinteressene vert representerte i utvalet. Organisasjonar med interesser i landskapsområdet skal gjevast høve til å gjere framlegg om medlemmer i utvalet.

Ligg det private eigedomar i landskapsvernområdet, skal kommunestyret syte for at ein av medlemmene vert valt blant dei som er jordbrukarar med privat eigedom i verneområdet. Er det statsalmenning i verneområdet skal ein medlem verte valt blant dei som har rett til almenningsbruk i almenningen som jordbrukar.

Kommunestyret kan velgje dei som sit i fjellstyret som medlemmer i tilsynsutvalet om dei fyller ovannemnde krav.

Tilsynsutvalet skal følgje med i utviklinga i sin del av landskapsvernområdet og gje råd og uttale i saker som vedkjem forvaltninga av denne.

Vernereglane er gjevne i punkt 4. Tilsynsutvalet er forvaltningsstyresmakt for følgjande delar av vernereglane:

- a) Utforming av ombygging etter punkt 4.1.2.d og lokalisering og utforming av husvære etter punkt 4.1.2.e.

- b) Nydyrking, sperregjerde for beitedrifter, oppføring av naudsynte husvære med uthus i landbruket etter punkt 4.1.3.a og naudsynte tiltak for jakt- og fiskerier etter punkt 4.1.3.b. Unnateke er oppføring av jakt- og fiskebuer.

Tilsynsutvalet kan verte forvaltningsstyresmakt for andre tiltak og anna verksemd etter nærare avgjerd frå departementet.

Tilsynsutvala skal straks melde frå til DSS ved skogforvaltaren om dei vedtak utvalet fattar. Skogforvaltaren kan påklage vedtaka til tilsynsutvala.

### 3.3. Rådet for Hardangervidda

Kongen skal nemne opp eit Råd for Hardangervidda samansett av leiar, nestleiar og ein representant frå kvar av: kommunane\*, fylkesmennene i fylka Buskerud, Hordaland og Telemark, Landbruksdepartementet, Miljøverndepartementet og organisasjonane Hardangervidda Grunneigarsamskipnad, Norges Naturvernforbund, Norges Jeger- og Fiskerforbund og Norske Turistforeningers Forbund. Alle peiker sjølv ut sine representantar.

Rådet skal ha følgjande oppgåver i landskapsvernområdet:

- a) følgje med i utviklinga m.a. på grunnlag av årsrapportar frå skogforvaltninga,
- b) gje slik fråsegn til departementet, skogforvaltninga og tilsynsutvala som rådet finn grunn til, og
- c) uttale seg om saker som vert lagd fram for det av departementet eller skogforvaltninga.

DSS ved skogforvaltninga skal vere sekretær for rådet.

### 3.4. Nærare reglar for forvaltningsorgana.

Departementet kan fastsetje nærare reglar for forvaltningsorganas utøving av myndighet og arbeid elles.

## 4. VERNEREGLAR

### 4.1. Landskapet.

#### 4.1.1.

Landskapet skal vera verna mot tiltak som vesentlig kan endre landskapet sin art eller karakter, så som vegbygging, nydyrking, berverksdrift, massetak, vassdragsreguleringar, framføring av kraft- og telefonlinjer, taubaner, heisar, flyplassar og oppføring av bygningar. Kulturminne må ikkje påførast skade.

\* Jfr. kgl.res av 10. april 1981 om skipinga av Hardangervidda nasjonalpark.

## 4.1.2.

Reglane under punkt 4.1.1. skal ikkje vere til hinder for:

- a) vedlikehald av eksisterande turistruter, driftevegar og andre vegar, så som bygging av naudsynte klopper og bruer, når dette ikkje krev sprenging eller gravearbeid som det skal nyttast maskinelt utstyr til,
- b) naudsynt inngjerding av dyrkingsområde og samlekveer,
- c) naudsynt merking og kvisting av ski- og turistløyper, der dette er gjort tidlegare,
- d) naudsynt vedlikehald og mindre ombygging av husvære og uthus (utforminga ved ombygging må godkjennast av tilsynsutvalet, sjå punkt 3.2.a),
- e) at grunneigarar med stølsrett skal ha rett til, for eigen bruk, å føre opp eit husvære med uthus for jakt og fiske, på eigen grunn eller i sameige, dersom det gardsbruket som stølsretten er knytta til, er i drift og gardsbruket pr 1. juni 1981 ikkje hadde slikt husvære. Eit gardsbruk er i drift når det har meir enn 5 dekar årleg dyrka mark, og jorda ikkje er forpakta bort. Lokalisering og utforming skal godkjennast av tilsynsutvalet (sjå punkt 3.2.a).

Alle skal oppføre seg omsynsfullt og varsamt for ikkje å skade natur- og kulturverdiane eller vere til ulempe for andre. Det er ikkje tillate å forsøple naturen.

## 4.1.3.

Forvaltningsstyresmakta kan gjeve løyve til:

- a) naudsynte tiltak i landbruket som elles ikkje er tillatne etter desse reglane, så som nydyrking, bygging av husvære med uthus, og sperregjerde for beitedrifter (sjå punkt 3.2.b), og anlegg av vegar for jordbruket, taubaner, telefon- og kraftliner,
- b) naudsynte tiltak for jakt- og fiskeføring. Oppføring av jakt- og fiskebuer kan berre skje når det er naudsynt for gardsbruk i drift og i andre særlege høve,
- c) merking, herunder kvisting, av nye eller omlegging av opparbeida turistruter og -løyper, naudsynt bygging og drift av turisthytter og tiltak i samband med dette.

Det kan setjast vilkår for løyve.

## 5.

I dei delar av landskapsvernområdet der fuglelivet er freda skal følgjande vernereglar gjelde:

- a) Fuglar og deira reir og egg skal vere freda mot skade og øydelegging av alle slag. Det kan drivast vanleg jakt på rype.



Miljøverndepartementet kan gi løyve til kontrollert reduksjon av arter som er freda etter desse reglane for å oppretthalde den økologiske balansen i området.

- b) Fuglelivet skal være verna mot uro og fotografering i yngletida.
- c) Hundar må ikkje sleppast laus i området. Unnateke er bruk av hund til jakt- og sauedrift og i politi- og sikringsteneste.
- d) Nye fugleartar må ikkje innførast.
- e) Departementet kan fastsetje reglar om regulering av ferdsla dersom dette syner seg naudsynt for å oppfylle føremålet med fredinga.

#### 6. GENERELLE REGLAR OM UNNATAK




Departementet kan gjere unnatak frå reglane i punkt 4 og 5

- for tiltak ut frå vesentlege samfunnsmessige omsyn,
- for vitskapelege føremål til visse personar eller institusjonar,
- når føremålet med fredinga krev det,
- i særlege tilfelle når det ikkje er i strid med føremålet med landskapsvernområdet.

UTKAST TIL

# HARDANGERVIDDA NASJONALPARK OG LANDSKAPSVERNOMRÅDA I SKAUPSJØEN/HARDANGERJØKULEN II MØSVATN AUSTFJELL

HOL og NORE OG UVDAL KOMMUNAR I BUSKERUD FYLKE  
TINN og VINJE KOMMUNAR I TELEMARK FYLKE  
ODDA, ULLENSVANG, EIDFJORD og ULVIK KOMMUNAR I  
HORDALAND FYLKE

-  Nasjonalpark
-  Landskapsvernområde
-  Fuglelivsfreding innafor  
landskapsvernområdet Møsvatn Austfjell  
(Hondleområdet)

M = 1:100 000

Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)

Miljøverndepartementet mars 1981

